



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Årsrapport 2011





Innhold

Sogn og Fjordane fylkeskommune	4
Slik fylkesrådmannen ser det	7
Rekneskapen	9
Arbeidsgjevarområdet	12
Likestilling, mangfold og likeverd	15
Bygg og eigedom	19
Kultur	22
Opplæring	26
Plan og næring	30
Samferdsle	36
Den offentlege tannhelsetenesta	41
Målekart	43

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Innbyggjarane i Sogn og Fjordane styrer fylkeskommunen. Det gjer dei ved å velje representantar til fylkestinget, som er det øvste politiske organet i fylkeskommunen. Hovudansvarsområda er opplæring, tannhelse, samferdsle, kultur, næringsutvikling, fylkesvegar, energipolitikk og planlegging.

Vidaregåande opplæring for ungdom og vaksne er det største tenesteområdet til fylkeskommunen. Vi har 14 vidaregåande skular med plass til vel 4500 elevar. Fylkeskommunen har også ansvaret for at lærlingar og lærekandidatar får vidaregåande opplæring i bedrift.

Kultursektoren arbeider med å ta vare på kulturminne av regional og nasjonal verdi. Vi forvaltar spelemiddelordninga, administrerer Den kulturelle skulesekken og driv musikkarbeid i samband med fylkes- og distriktsmusikarordningane. Vi støttar det frivillige kulturlivet og driv ungdomsarbeid.

Fylkeskommunen er den største vegeigaren i fylket med totalt 2575 km fylkesveg. Statens vegvesen har det vegfaglege ansvaret for fylkesvegnettet på vegner av fylkeskommunen.

Fylkeskommunen har også ansvar for kollektivtrafikktilbodet i fylket. Vi har fleire ordningar som er etablerte for å gje ungdom eit trygt og godt offentleg transporttilbod. *Trygt heim for ein 50-lapp* og ungdomskort er døme på slike.

Fylkeskommunen arbeider med planlegging etter plan og bygningslova. Dette inkluderer samarbeid med og rettleiing av kommunane. Folkehelse, tettstadforming, prinsippet om universell utforming, omsynet til barn og unge sine oppvekstvilkår og estetisk utforming er viktige omsyn i dette arbeidet.


Det er ei overordna oppgåve for fylkeskommunen å leggje til rette for næringsutvikling i heile fylket. Vi er med og gjere det mogleg å skape nye arbeidsplassar og nye næringar. Samstundes vidareutviklar vi eksisterande næringar. Vi samarbeider tett med kommunane og Innovasjon Norge for at næringslivet og etablerarar skal lukkast.

Den offentlege tannhelsetenesta behandlar alle grupper


klientell. Det er 31 tannklinikkar i Sogn og Fjordane. Tre av desse er omreisande klinikkar.

Politisk organisering

Fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune har 39 medlemmer. Styringsforma er formannskapsprinsippet.



Kart 1: Politisk organisering.



Kart 2: Administrativ organisering.


Administrativ organisering

Hovudrolla til sentraladministrasjonen i fylkeskommunen er å vere politisk sekretariat. Hovudoppgåvene er drift, forvaltning og utvikling. Karta over viser den politiske og den administrative organiseringa av fylkeskommunen.

Inntekter og utgifter

Fylkeskommunen har ei inntektside på om lag 3,8 mrd. kr samla. Dette omfattar både driftsinntekter og finanseringsinntekter. Skatt og rammetilskot utgjer over halvparten av inntektene og er på knapt 2 mrd. kr. Direkte driftsinntekter på dei ulike sektorane utgjer om lag 670 mill. kr. Det er inntektsført finansinntekter - i det vesentlege låneopptak og fondbruk - på om lag 770 mill. kr.

Inntekter	i mill. kr
Skatt og rammetilskot	-1967,9
Lokale inntekter	-136,2
Bruk av lån	-282,3
Sektorinntekter	-670,1
Finansielle postar	-788




■ Skatt og rammetilskot ■ Lokale inntekter
■ Bruk av lån ■ Sektorinntekter
■ Finansielle postar

Diagram 1: Samla årlege inntekter i 2011, i millionar kroner.

Fylkeskommune har lokale inntekter på knapt 140 mill. kr. Dette er inntekter frå konsesjonskraftsal og utbytte frå Fjord1 og Sogn og Fjordane Energi.

Diagram 2 viser eit samla oversyn over brutto drifts- og investeringsutgiftene i fylkeskommunen fordelt på ulike føremål. Dei største sektorane er samferdsle med 1,6 mrd.kr og opplæring med om lag 1,1 mrd. kr.

Brutto utgifter	i mill. kr
Forvaltning	181,2
Opplæring	1077,6
Tannhelse	104,3
Plan og næring	272,4
Kultur	171,5
Samferdsle	1616,2
Finansutgifter	422,6



■ Forvaltning ■ Opplæring
■ Tannhelse ■ Plan og næring
■ Kultur ■ Samferdsle
■ Finansutgifter

Diagram 2: Brutto drifts- og investeringsutgifter fordelt på føremål, i millionar kroner.



• På veg mot Skogadalsbøen frå Sognefjellshytta. Foto: Stig Vattekar/Sogn og Fjordane fylkeskommune

Slik fylkesrådmannen ser det

2011 - ÅRET DÅ KVINNENE TOK MAKTA

Anne Karin Hamre vart ny fylkesmann. Dei raudgrøne vann fylkestingsvalet. Åshild Kjelsnes (Ap) tok over som fylkesordførar etter Nils R. Sandal. Jenny Følling (Sp) vart varaordførar.

Men ikkje alle kvinner var like positive. I romjula kom ho Dagmar.

Fyrst med ekstrem vind langt inn i fjordane. Dagen etter uvanleg store nedbørsmengder lokalt. Straum- og telenettet vart slått ut over heile fylket. Flaum og ras stengde riks- og fylkesvegar. Store skadar på gard og grunn. Mange vart isolerte. Og det tok lang tid før alt var attende til normal kvardag.

På fylkesvegane er skadane etter Dagmar på 100 mill. kr. Det kjem på toppen av ekstraordinære skader i 2010 og tidlegare i 2011 med omlag same beløp.

Det er ikkje mogleg å dekkje slike ekstraordinære skadar utan hjelp frå staten.

Er dette normale årsvariasjonar? Eller blir det våtare, villare, varmare? Greier vi å gjennomføre naudsynte klimatilpassingar, i eit fylke med flest (22 av 26) vegetasjonsgeografiske regionar i landet?

Straum- og telenettet er blitt meir sårbart enn ved tidlegare uvêr. Samstundes er vi meir avhengige av teknologi som krev at denne infrastrukturen er på plass. Skadane på fylkesvegnettet syner at vi treng meir midlar til rassikring. Men vi kan ikkje sikre alt uavhengig av kostnad. Vi må vurdere kost og nytte av sikker fylkesveg til grender nesten utan fast busetjing. Vi må finne ei nedre grense for kor mykje storsamfunnet bør bruke pr. innbyggjar på å sikre slike vegsamband.

FORVALTNINGSREFORMA

2011 er andre driftsår etter forvaltningsreforma. Mykje har gått bra. Men nokre av løysingane må vi nok sjå på med nye auge. Det gjeld sams vegadministrasjon, eigarskapen



Jan Øhlckers takkar no av etter seks års som fylkesrådmann. Men først kastar han eit blick tilbake på 2011 og summerer opp året som gjekk. Nokre stikkord for Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2011 var eigarskap i Fjord1, båtruter på anbod, ny fylkesordførar - og Dagmar. Foto: Kristjan Logason.

i Innovasjon Noreg og den detaljerte arbeidsdelinga med Fylkesmannen innafor miljø og landbruk.

Ein stor del av budsjettet til fylkeskommunen er bunde opp i investering, drift og vedlikehald av fylkesvegane. Det er eit tankekors at fylkeskommunen har totalansvaret her, utan instruksjonsmynde over dei som utfører arbeidet. Ekstra krevjande blir det når det oppstår konflikhtar og rettstvistar. Delt eigarskap med staten i Innovasjon Noreg (IN) blir

øg krevjande. Våren 2012 kjem ei stortingsmelding om verksemda. Dei 18 fylkeskommunane har - gjennom KS - vore med i arbeidet. Vi har lite nytte av å eige 49 prosent av IN om vi ikkje får gjennomslag for ein regionalt differensiert verkemiddelbruk som lekk i den smale distriktspolitikken.

VEGVEDLIKEHALD

I 2010 overtok vi eit vegnett i forfall. I Norsk Transportplan 2014-23 har fagetatane rekna ut at forfallet på tunnelar, bruer og kaier på fylkesvegane våre er på 2,3 mrd. 2012-kr. Dersom vi legg til drenering, vegfundament, murar, rekkverk mm., er totalnivået no 3,8 mrd.

Dei økonomiske rammene våre er for små til å stogge dette forfallet. Det er heilt urealistisk å auke standarden utan eit eige statleg program for rehabilitering av fylkesvegnettet. Det burde vore løyst alt ved overtakinga i 2010. Staten må no ta dette ansvaret.

EIGARSKAP

Eigarskapen i Fjord1 vart aktualisert i 2011. Medeigaren, Møre og Romsdal fylkeskommune (41 prosent) overførte aksjane sine til Havila AS (med familien Sævik som hovudeigar). Dette løyste ut ein debatt om bruk av forkjørsrett på vår hand. Det vart tinga fram ei løysing med gradvis nedsal til negativt fleirtal og opsjon på å selje seg heilt ut. Fylkestinget avviste løysinga, vidareførte eigarskapen på 59 prosent og slapp Havila AS inn på eigarsida.

Vi er no truleg den einaste fylkeskommunen som eig eit så stort reiarlag. Det vert spanande om verksemda i åra som kjem kan auke verdien og levere tilfredsstilland utbytte. Det vert òg krevjande å handtere både å vere bestillar av transporttenester og hovudeigar i ei bransje med tøff konkurranse mellom få og store aktørar.

Eigarinteressene våre i Sogn og Fjordane Energi er viktige, men også krevjande. Samanslutninga av kraftselskapa på Vestlandet; Vestlandsalliansen er engasjert i eit mogleg sal av Statkraft sine aksjar i BKK, med oppgjer delvis i kraftanlegg m.a. i vårt fylke.

Vi må sikre at mest mogleg av eigarskapen til vasskrafta blir verande att på Vestlandet. Ei mogleg løysing er å styrkje SFE og/eller gå inn på eigarsida i t.d. Sognekraft.

BESTE E-FYLKESKOMMUNE

For andre år på rad er vi kåra til beste e-fylkeskommune. Vi skårar høgt på dei internadministrative systema våre, tryggleik og brukarservice. Vi har også satsa systematisk på bruk av videokonferanse, både som miljøtiltak og for å redusere reiseaktiviteten i 2011.

Fylkestingsmøte på direkten på internett har gjort det mogleg for mange fleire å følgje med i fylkespolitikken. Vi er og på plass på sosiale media som Facebook og Twitter.

ANBOD OG KONKURRANSEUTSETTING

Anbodsprosessen på båtutene er i sluttfasen - for denne gong. Fylkestinget har definert eit minimumstilbud basert på tal fastbuande. Kommunane har nytta opsjon på eit tilbod utover minimum. Prosessen har vore krevjande, både fagleg og juridisk.

Det har vorte store konflikhtar med operatørane, brukargrupper og nokre av kommunane. Vi sit att med aksjonar og rettsakar. Det ser diverre ut til å vere regelen, og ikkje unnataket i denne bransjen.

No står bussrutene for tur. For å etablere like konkurransetilvilkår, må fylkeskommunen sikre seg disposisjonsrett til terminalar og serviceanlegg. Vi kan også her vente konflikhtar om strukturendringar. Mindre lokale aktørar som i dag har oppdrag, vil neppe overleve aleine i denne prosessen.

Konkurranseutsetting krev høg kompetanse hjå bestillaren, både fagleg og juridisk. Kompleksiteten gjer det vanskeleg å unngå å gjere feil. Det bitt òg opp store administrative ressursar; både tid, personell og kompetanse. Det kan sjå ut som om vinninga går opp i spinninga. Det er òg eit problem at vi kvart åttande år må starte med blanke ark. Det blir ofte rein priskonkurranse. Ein god aktør vert ikkje honorert for ein god «track record», og ein dårleg blir ofte ikkje straffa i neste runde.

TILSYN OG KONTROLL

Internkontrollsystemet til fylkeskommunen fell no på plass. Det er tufta på sårbarheits- og risikoanalyse og god samordning av etablerte rutinar. God internkontroll bør redusere behovet for statleg tilsyn. Det bør også vere styrande for kontrollutvalet sin plan for forvaltnings-revisjon. Det blir interessant å sjå om vi får slike effektar.

Eg redd for at resultatkrava staten stiller til tilsyna vert knytte til tal gjennomførte tilsyn heller enn til kvaliteten på internkontrollsystemet vårt. Når tilsyna og Fylkesmannen heller ikkje etterlev kravet i kommunelova § 60e om samordna tilsyn, risikerer vi å få eit meningslaust overforbruk av kontrollressursar både hjå staten og oss sjølve. Dette må vi sjølv sagt unngå.

PLANLEGGING

Staten har langt på veg samordna nasjonale føringar på plansida. Det er nyttig og viktig. Plan- og bygningslova slår fast at dette fylkestinget i det fyrste virkeåret sitt skal vedta

ein «plan for planlegginga»; ein regional planstrategi. Den skal erstatte fylkesplanen. Det er gjennomført kartlegging og analyser i 2011. Statistikkbanken «Fylkesspegelen» er blitt ein sentral ressurs, både i fylkes- og kommuneplanlegginga. Utfordringane og handlingsrommet er no sentrale i den politiske prosessen. Det blir spanande å sjå om ambisjonsnivået blir tilpassa gjennomføringsevna.

ØKONOMI OG DRIFT

Vi kan også i år leggje fram eit positivt driftsresultat. Vi har evna å sikre disposisjonane våre på ein god måte. Dei lokale inntektene gjev oss i tillegg eit ekstra "gir" i høve mange andre fylkeskommunar. Vi forvaltar årleg store tilleggsverdiar gjennom utbytte frå selskapa våre Fjord1 og SFE og sal av konsesjonskraft. Midlane vert i stor grad nytta i den løpande drifta.

Dei lokale inntektene er ømfintlege for konjunkturar. Det er etablert eit «bufferfond» som skal dempe effekten av svingingane.

Uvissa i økonomien aukar. Framover har vi fleire krevjande rettsaker, ekstremvêr, nye statlege rammevilkår og monaleg nedgang i elevtalet frå 2014.

Dei viktigaste hendingane og meir om økonomiforvaltninga i 2011 kjem fram i kapitla frå dei ulike einingane. Målekarta for kvar sektor er med som vedlegg i årsrapporten. Balansert målstyring er no godt forankra i styringssystemet. Målekarta vert nytta både i planlegging og rapportering.

MILJØ OG FOLKEHELSE

Fylkestinget stadfesta i 2011 medlemskapen i «Trygge lokalsamfunn/Safe Communities».

LIKESTILLING, MANGFALD OG INTEGRERING

Vi legg til rette for mangfald i fylket. Det gjeld både som arbeidsgjevar, tenesteleverandør og utviklingsaktør. Det går att i planarbeidet vårt, tilskotsordningane våre og tenesteytinga vår.

OPPSUMMERING

Vi er ein fylkeskommune med god økonomi, vi er godt rusta politisk, og vi har ressursar til å ta i vare interessene til fylket på ein god måte. Tenestene er effektive og synest å vere tilpassa behova. Vi ser likevel at vi har nokre utfordringar som krev særskilt merksemd framover.

Mitt åremål er slutt. Det har vore seks spanande og stimulerande år. Eg takkar tilsette og partnerskapen for samarbeidet, fylkespolitikarane for god og konstruktiv dialog - til fylket sitt beste.

*Takk for meg,
Årdal/Leikanger
23. mars 2012*

*Jan Øhlckers
fylkesrådmann*



Biblioteket på Eid. Foto: Fylkesbiblioteket.

Rekneskapen

Rekneskapsresultat

Dei siste åra har rekneskapen vore gjort opp med overskot. Overskotet i 2011 var på 27,4 mill. kr. Dei to føregåande åra var overskotet på 30,7 mill. kr og 40,0 mill. kr. Det er i tillegg i 2011 sett av 73 mill. kr netto til fond i samsvar med regelverket - 58 mill. kr meir enn budsjettert.




Diagram 1: Korrigert netto driftsresultatet i prosent av driftsinntekter.

Kommunal- og regionaldepartementet legg opp til at kommunesektoren bør ha eit netto driftsresultat på minst 3 prosent målt i høve driftsinntektene. Dette er rekna som ein indikator for ein sunn økonomi over tid. For 2011 viser denne indikatoren (korrigert) 6 prosent for fylkeskommunen.

Investeringsrekneskapen

Fylkeskommunen investerte i 2011 for 788 mill. kr. Dette er fordelt slik:

- 10,9 mill. kr til forvaltning.
- 165 mill. kr til opplæring.
- 1,6 mill. kr til tannhelse.
- 33,5 mill. kr til kultur.
- 577 mill. kr til fylkesvegar.

Vidare har fylkeskommunen i 2011 kjøpt aksjar for 147,5 mill. kr og gjeve lån for 1,6 mill. kr.

Av det samla finansieringsbehovet i investeringsrekneskapen (841,5 mill. kr) er 282 mill. kr lån, 137 mill. kr bruk av avsette fond, 274,7 mill. kr overført frå driftsrekneskapen og 147,5 mill. kr sal aksje.

REKNEKAPSPRINSIPP

Tilgang på og bruk av midlar som i løpet av året vedkjem den fylkeskommunale verksemda, går fram av driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen. Alle inntekter og utgifter vert førte brutto. Det er ikkje oppretta fylkeskommunale føretak slik at samla verksemd går fram av årsrekneskapen.

Fylkeskommunen deltek heller ikkje i interkommunale samarbeid og liknande som må reknast med for å få oversikt over kostnaden med den fylkeskommunale drifta.

Lånegjelda

Lånegjelda til fylkeskommunen auka med 183,3 mill. kr til 1 512 569 mill. kr i 2011. Den store auken i lånegjelda er i hovudsak knytt til veginvesteringane. Avdragsutgiftene er på 75,5 mill. kr. Lånegjelda til fylkeskommunen utgjør om lag 14 000 per innbyggjar - ein vekst på 1 640 kr per innbyggjar. Landssnittet ligg på omlag 7000 kr per innbyggjar. Likevel er lånegjelda målt i prosent av driftsinntektene lægre i Sogn og Fjordane enn gjennomsnittet både for landet og vestlandsfylka.




Diagram 2: Lånegjeld per innbyggjar. S&F = Sogn og Fjordane. NOR = Noreg.

Hovudtala - utgifter og inntekter	Rekneskap 2011	Budsjett 2011	Differanse 2011
Fylkesskatt / utjamning	506,6	492	14,6
Premieavvik	7,7	0	-7,7
Rammetilskot	1461	1461	0
Lokale inntekter	136,2	138,1	-1,9
Regionale utviklingsmidlar KRD*	102,1	102,1	0
Renteinntekter/-utgifter	-12,2	-17,5	5,3
Låneavdrag	-74,3	-74	-0,3
Ufordelte utgifter	1	0	-1,0
Forvaltning	-153,6	-160,5	6,9
Opplæring	-731,0	-736,8	5,8
Tannhelse	-72,4	-72,4	0
Regional utvikling	-121,1	-121,7	0,6
Kultur	-58,8	-58,5	-0,3
Samferdsle	-946,3	-951,7	5,4

Tabell 1: I millionar kroner netto. *KRD er Kommunal- og regionaldepartementet.

Fellesinntekter og -utgifter

Fylkesskatten og inntektsutjamninga utgjer 506,6 mill. kr. Det er ei meirinntekt på 14,7 mill. kr i høve til det reviderte budsjettet. Dei lokale inntektene (aksjeutbyte og konsesjonskraft) utgjer 136,2 mill. kr. Dette er 1,9 mill. kr mindre enn budsjettet. Netto rentekostnad utgjer 12,2 mill. kr, noko som er 5,3 mill. kr mindre enn budsjettet.

Sektorrekneskap

Rekneskapen viser ei innsparing på 18,4 mill. kr på sektornivå. Dette kjem hovudsakleg fram i følgjande sektorar:

Forvaltning

Innsparinga innan forvaltning er i hovudsak innan politisk styring (1,1 mill. kr), administrasjon (2,6 mill. kr) og fylkeskommunale fellesutgifter (3,1 mill. kr). Dei vesentlege avvika på fellesutgiftene kjem innan IKT, innkjøp og forsikringar.

Opplæring

Dei vesentlege innsparingane i opplæringssektoren kjem på anslagspostar som straumutgifter i skulebygg (3,6 mill. kr) og gratis læremiddel (1,5 mill. kr). Omstillingstiltak for pedagogisk personale har eit overforbruk på 1,7 mill. kr. Det er mindre positive og negative avvik på dei andre områda.

Samferdsle

Innsparingane i samferdslesektoren kjem hovudsakleg på tryggleikstiltak (1,8 mill. kr) og kollektivtrafikk (3,5 mill. kr).



OPERAHUSET
NORDFJORD



Operahuset Nordfjord. Foto: Øystein Torheim.

Arbeidsgjevarområdet

Arbeidsgjevarområdet dekkjer strategiske tiltak for rekruttering, personal- og organisasjonsutvikling, likestilling og arbeidsmiljø. Det er einingsleiarane som har ansvar for å utøve personalpolitikken i fylkeskommunen. Arbeidsgjevarpolitikken er i hovudsak styrt gjennom lovverk, forskrifter og avtaleverk. Personaltenesta til fylkesrådmannen gir støtte, råd og rettleiing til leiarane.

Viktige saker for fylkeskommunen som arbeidsgjevar i 2011:

- Oppfølging av *Handlingsplan for mangfald, likeverd og likestilling*.
- Oppfølging av *Plan for rekruttering og stabilisering av pedagogisk personale*.
- Oppfølging av *Strategisk handlingsplan for offentleg tannhelse*.
- Anbudsrunde for og innkjøp av ny bedriftshelseteneste.
- Oppfølging og vidareutvikling av kompetanseregistreringssystemet.
- Gjennomført kurs i *Rekruttering og intervjuteknikk*, eit kompetansetiltak for å utvikle rekrutteringsarbeidet. Det er særleg lagt vekt på intervjuteknikk, referanseinnhenting og saksførebuing av tilsetjingsvedtak.
- Følgje opp innføringa av utviklingssamtalen, blant anna gjennom kurs for leiarar.

- Tilrettelagt og gjennomført leiarsamling for alle leiarar med personalansvar, fagleiarar og hovudtillitsvalde. Hovudtemaet for leiarsamlinga var omdømebygging.
- Deltaking på rekrutteringsmesser i Trondheim, Oslo, Sogndal og Bergen.
- Vidareført ordninga for traineestillingar. Dette året har traineestillingane vore ved opplæringsavdelinga og ved næringsavdelinga.
- Lønsforhandlingar for alle arbeidstakargruppene som følgjer reglane i hovudtariffavtalen om lokal lønsdanning.

Personalpolitiske tiltak

589 personar har delteke på kompetanseutviklande aktivitetar i 2011. Det er gitt 1865 dagar utdanningspermisjon. Kvinner har fått 63 prosent av desse dagane.

Det vart løyvd 250 000 kr til hospitering i 2011. 100 000 kr av dei vart prioriterte til søkjarar over 55 år, jamføre seniorpolitisk handlingsplan. Totalt søkte 29 personar om midlar til hospitering, 21 kvinner og åtte menn. Elleve av søkjarane var over 55 år, seks kvinner og fem menn. Totalt fekk 17 søkjarar midlar til hospitering, 14 kvinner og tre menn. Fem kvinner og to menn var over 55 år.

Prosentvis fordeling	Foreldrepermisjon	Barns sjukdom	Omsorgspermisjon	Utdanningspermisjon	Anna velferd
Kvinner	79,3 %	67,3 %	60,8 %	62,6 %	59,1 %
Menn	20,7 %	32,7 %	39,2 %	37,4 %	40,9 %

Tabell 1: Prosentvis fordeling av permisjonar.

Hospitering - tildelte midlar	Hospitering 2009		Hospitering 2010		Hospitering 2011	
	Tal	Kroner	Tal	Kroner	Tal	Kroner
Kvinner	19	275 800	19	250 011	14	212 974
Menn	4	81 200	11	266 402	3	46 000
Totalt		357 000		516 413		258 974
Løyvde midlar		350 000		500 000		250 000

Tabell 2.

Seniorpolitisk arbeid

Den overordna målsetjinga er å stimulere seniormedarbeidarar til å stå lengst mogleg i arbeid. Fylkeskommunen vil leggje forholda til rette slik at arbeidstakarane trivst og vel å vere i løna arbeid til oppnådd pensjonsalder. Seniormedarbeidarane våre er ein viktig ressurs. Dei er produktive og har gode føresetnader for å tileigne seg ny kunnskap. Dei er samstundes medarbeidarar med god medmenneskeleg innsikt og plikt- og ansvarskjensle.

Det er åtte tiltak i den seniorpolitiske handlingsplanen til fylkeskommunen. To av tiltaka, stimuleringstilskot og tilretteleggingstilskot, er økonomiske tilskot. Stimulerings-tilskotet er retta mot seniormedarbeidar som ikkje går over til avtalefesta pensjon. Tilskotet er eit alternativ til direkte lønsutbetaling. Arbeidstakaren kan etter avtale med næraste overordna nytte dette til helsefremjande tiltak som t.d. kortare arbeidstid. Tilretteleggingstilskotet kan lette arbeidssituasjonen til seniormedarbeidaren ved at han eller ho for eksempel har kortare arbeidstid eller tek ut fridagar. Dette tilskotet vert ikkje utbetalt som lønn.

Det vart nytta 733 683 kr til stimuleringstilot og tilretteleggingstilskot som seniorpolitiske tiltak i 2011.

Arbeidsmiljøarbeidet

I arbeidet vårt for å utvikle arbeidsmiljøet er det ei vriding frå kollektive tiltak til tiltak som er meir retta mot individet. Vi har ei målsetjing om at sjukefråværet over tid ikkje skal vere over 5 prosent. For å klare denne målsetjinga, arbeider fylkeskommunen aktivt med førebyggjande tiltak og oppfølging av sjukmelde medarbeidarar. Vi prioriterer tilrettelegging for å halde på tilsette som får helseplager eller utfordringar i høve det fysiske og/eller psykososiale i arbeidsmiljøet. Kvart år gjennomfører vi 40-timars kurs i opplæring i arbeidsmiljøkunnskap for leiarane våre. Verneombod, medlemmer i arbeidsmiljøutvala og tilsette med tilsvarande funksjonar får også tilbod om å delta på desse kursa. 18 personar gjennomførte kurs i 2011. Vidare har fylkeskommunen signert avtalen om inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen). Denne forpliktar oss til tre delmålsetjingar:

- Å redusere eller stabilisere sjukefråværet.
- Å leggje til rette for at personar med redusert arbeidsevne får halde fram arbeidet sitt.
- Å redusere den gjennomsnittlege avgangsalderen for pensjonering.

I 2011 hadde vi eit sjukefråvær på 4,1 prosent. 5,3 prosent av desse var kvinner 5,3 prosent og 2,8 prosent var menn.



Briksdalen. Foto: Kirsti Horne/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Likestilling, mangfold og likeverd

Arbeidsstyrken

Vi har ein arbeidsstyrke på 1495 personar. 55 prosent av dei tilsette i fylkeskommunen er kvinner, og 45 prosent er menn.

34 prosent av dei tilsette arbeider deltid. Det er tilsett kvinner i sju av ti deltidstillingar. Skeivfordelinga er i hovudsak eit uttrykk for tradisjonelle familiemønster. Menn arbeider heiltid og kvinner deltid. Ei fleksibel haldning frå arbeidsgjevar til medarbeidarane sine ynskjer om reduserte stillingar, fører til fleire deltidstillingar og fleire deltidstilsette kvinner. 33 av dei som arbeider deltid, ynskjer auka stillingsprosent. Det er 20 kvinner og 13 menn.

Det er to hovudgrunnar til det høge talet på deltidstillingar i opplæringssektoren:

- Mesteparten av reinhaldsstillingane er knytte til sektoren, og mange av dei er deltidstilsette.
- Kravet til undervisningskompetanse i dei ulike faga gjer at opplæringsoppgåvene må løysast gjennom deltidstillingar for å få timeplanen til å gå i hop innafør tildelte økonomiske rammer.

I tannhelsesektoren er det mange tannhelsesekretærer med deltidstillingar.

Høvetalet mellom årsverk og talet på tilsette viser at dei tilsette i fylkeskommunen i snitt har ein stillingsstorleik på 88 prosent. Vi nyttar denne som indikator for positiv eller negativ utvikling på tal deltidstillingar. I 2009 og 2010 var stillingsstorleiken i snitt på 87 og 88 prosent.

Lønsstatistikk og lønsforhandlingar

Fylkeskommunen har tradisjonelle lønsskilnader som elles i samfunnet.

Pedagogiske stillingar har ein kjønnsnøytral lønsstruktur. Forskjellane vi ser her har samheng med alder og ansiennitet. Det vert rekruttert fleire kvinner enn menn inn i lærarstillingane. Ved tilsetning avheng lønsfastsettinga av praksis som gir lønsansiennitet. I 2005 utgjorde kvinner 41 prosent av årsverka for pedagogisk personale. Dette er auka til 45 prosent i 2011.

Samla er lønssnittet for kvinner i fylkeskommunen 90,9 prosent av lønssnittet til menn. Tilsvarende tal for heile kommunesektoren var 91,8 prosent i 2010. Hovudgrunnen til dette er stillingsstrukturen mellom kvinner og menn. Tradisjonelle kvinneyrke i fylkeskommunen er kontorstøtte, driftstillingar og støttestillingar til fagstillingar. Snittlønna til desse gruppene er låg. Dei utgjer nær 28 prosent av dei

Stilling	Kvinner	%	Menn	%	Totalt	%
Heiltid	471	31	521	35	992	66
Deltid	357	24	146	10	503	34
Totalt	828	55	667	45	1495	100

Tabell 1: Oversyn over heil- og deltidstilsette, inkludert permitterte.

Sektor	Heiltidstilsette		Deltidstilsette	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kultursektoren	17	6	2	2
Opplæringssektoren	321	393	256	127
Tannhelsesektoren	55	15	60	5
Sentraladministrasjonen	72	102	33	17

Tabell 2: Tilsette i heiltids- og deltidstillingar fordelt på sektor, inkludert permitterte.

Stillingsgrupper	Kvinner	%	Menn	%	Totalt	%
Kontorstøtte	118	9	10	1	128	10
Drifts- og støttestillingar til fagstillingar	130	10	63	5	193	15
Sakshandsamarstillingar	56	4	75	6	131	10
Fagstillingar fylkesarkiv, fylkesbibliotek m.m.	23	2	7	0	30	2
Klinikkjef- og tannlegestillingar	22	2	17	1	39	3
Pedagogiske stillingar	303	23	370	28	673	51
Leiarstillingar	46	3	63	5	109	8
Alle stillingsgrupper	707	55	611	45	1318	100

Tabell 3: Tal i årsverk fordelt på stillingsgrupper.

Sektor	Menn	%	Kvinner	%
Sentraladministrasjonen	15	58 %	11	42 %
Tannhelse	1	50 %	1	50 %
Kultur	2	50 %	0	50 %
Opplæring (skulane og PPT)	47	57 %	35	43 %
Totalt	65	58 %	47	42 %

Tabell 4: Talet på leiarstillingar i fylkeskommunen i 2011, fordelt på sektor.

2009		2010		2011	
Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
63%	37 %	59 %	41 %	58 %	42 %

Tabell 5: Utviklingstrekk, fordeling av leiarstillingar mellom menn og kvinner.

Stillingsgruppe	2009	2010	2011
Kontorstøttestillingar	100,1	98,3	92,3
Driftsstillingar og støttestillingar til fagstillingar	101,1	99,1	98,5
Sakshandsamarstillingar	95,4	91,5	92,2
Fagstillingar, fylkesarkiv, fylkesbibliotek m.m.	103,5	105,3	105,6
Tannlegestillingar	95,2	91,6	90,2
Pedagogiske stillingar	98,8	98,2	99,1
Leiarstillingar	98,0	97,2	100,5
Alle årsverk	90,1	89,8	90,9

Tabell 6: Kvinner si løn i prosent av lønna til menn rekna etter årsverk. Etter stillingsgrupper.

Lokale lønsforhandlingar	Del av lønsdanninga		Del av lønstillegga	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kapittel 5: All lønsdanning lokalt	45,2 %	54,8 %	45,9 %	54,1 %
Kapittel 3.4: All lønsdanning lokalt	38,7 %	61,3 %	40,0 %	60,0 %

Tabell 7: Fordeling av lønstillegga mellom kvinner og menn samanlikna med lønsdanninga.

tilsette i fylkeskommunen, og det er kvinner i åtte av ti stillingar.

Dei sentrale lønsforhandlingane for kommunesektoren gav eit resultat på 4,3 prosent i 2011. Kapittel 5 gjeld sakshandsamarar, tannlegar og fagstillingar. Kapittel 3.4.1 og 3.4.2 gjeld einingsleiarar og leiarar i sentraladministrasjonen. Alle desse gruppene får all løn fastsett gjennom lokale forhandlingar. Det er balanse mellom det som er tilført lønspotten og uttaket av lønstillegg til kvinner og menn.

Handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfald

Fylkestinget vedtok i juni 2009 handlingsplanen for likestilling, likeverd og mangfald. Planen skulle møte nye lovkrav og inkludere likeverd og mangfald i fylkeskommunen sitt arbeid for å sikre likestilling og likeverd for alle.

Visjonen er at Sogn og Fjordane fylkeskommune skal vere kjent for å arbeide aktivt for likestilling, likeverd og mangfald. Det overordna målet er at tilsette og innbyggjarar i Sogn og Fjordane skal oppleve at Sogn og Fjordane fylkeskommune er ei verksemd som prioriterer og verdset likestilling, likeverd og mangfald.

Delmål

1. Innan utgangen av 2010 skal fylkeskommunen tilfredstille aktivitets- og rapporteringsplikt i tråd med eksisterande lovkrav.
2. Innan utgangen av 2012 skal tal tilsette som ufrivillig arbeider deltid vere redusert med 50 prosent, på sikt skal ingen tilsette arbeide ufrivillig deltid.
3. Fylkeskommunen sine tilsette skal spegle mangfaldet som bur i Sogn og Fjordane.

Tiltak

1. Fylkeskommunen sine einingar skal kartleggje, registrere, rapportere, setje i gang og evaluere likestillings-, likeverds- og mangfaldstiltak lokalt. Fylkesrådmannen skal samle inn einingane sine rapportar gjennom linja og samanstillende dei.
2. Fylkeskommunen skal ta i bruk måleindikatorar for likestilling, likeverd og mangfald i sitt overordna styringsverktøy: Balansert målstyring.
3. Fylkeskommunen skal ha ein inkluderande profil som formidlar at mangfald er ein ressurs for fylkeskommunen. Profilen skal syne att i stillingsutlysingar, i informasjonsmaterieill, på rekrutterings- og utdanningsmesser, på fylkeskommunen sine nettsider og i trykksaker som omtalar fylkeskommunen og fylkeskommunen sine einingar.
4. Ved tilsetting av trainear skal fylkeskommunen prioritere kandidatar med nedsett funksjonsevne eller med innvandrarsbakgrunn.
5. Fylkeskommunen skal bli betre til å synleggjere viljen og emna til å leggje til rette for mangfaldet i fylket. Det

gjeld både som arbeidsgjevar, tenesteleverandør og utviklingsaktør, og skal syne att i vårt planarbeid, våre tilskotsordningar og vår tenesteyting.

6. Fylkeskommunen skal halvere tal tilsette som ufrivillig arbeider deltid innan utgangen av 2012. Det skal gjerast i tråd med retningslinjer nedfelt i hovudtariffavtalen og til bruken av deltidstillingar i § 2.3.2 i hovudtariffavtalen. I tillegg gjeld følgjande interne prosessar:
 - a) Utviklingssamtalen skal nyttast til å kartleggje kven som ynskjer auka stillingsprosent.
 - b) Medarbeidaren skal formidle kva kompetansehevings-tiltak som er ønskeleg.
 - c) Leiar skal vurdere behovet for endra og ny kompetanse ved eininga i eit perspektiv på minst 3 år, samanhalde med prognose for avgang av medarbeidarane.
 - d) Eininga sitt kompetansebehov skal samanhaldast med dei tilsette sine ynskjer.
 - e) Om kompetansehevinga er innafør det behovet som er kartlagt ved eininga, skal det avtalast verkemiddel for at den tilsette skal kunne gjennomføre kompetanseheving for å kome i posisjon til utvida stilling.

I 2011 har vi hatt eit særskilt trykk på tiltak 1, 4 og 6. Vi har følgd opp arbeidet med lokale handlingsplanar for likestilling, likeverd og mangfald når det gjeld tiltak 1. Likestillingsarbeidet er difor lokalt tilpassa. Det gir lokalt eigarskap og mangfald i likestillingsarbeidet vårt. Det lokale arbeidet har i 2011 blant anna lagt vekt på eit fordomsfritt og mangfaldig miljø, rettvis løn, reduksjon av uynskt deltid, arbeidstrening, tilsettingsprosessar og tilrettelegging. Fylkesrådmannen vil særskilt trekkje fram integreringstilltaket *Trimmigring* i regi av Flora vidaregåande skule. Dette er eit flott døme på nytenking og kreativitet i det lokale integreringsarbeidet.

Vi har hatt kandidatar med innvandrarsbakgrunn inne til intervju for traineestillingane, men desse blei ikkje tilsette. Manglande språkkompetanse blant fyrstegongs-innvandrarar er ei utfordring. Dette er ein del av arbeidet med tiltak 4.

Når det gjeld tiltak 6, halvering av tilsette som ufrivillig arbeider deltid, så har fylkeskommunen arbeidd godt med alle fem deltiltaka. Vi har i tillegg ei ordning for økonomisk bistand til utdanning. Målet er at tilsette som arbeider ufrivillig deltid skal kvalifisere seg til nye arbeidsoppgåver og slik kunne auke stillingsprosenten sin. Tre personar søkte om slik støtte i 2011, og to fekk det.

Fylkeskommunen erstatta i 2010 medarbeidersamtalen med utviklingssamtalen. Denne utfordrar i større grad både leiarar og tilsette til å ta opp aktualitetar kring eininga og kompetansebehovet til den enkelte. Vi har i 2011 gjennomført kurs i utviklingssamtalen for leiarane. Vi har også vidareutvikla kompetanse-registreringssystemet vårt.



Sogndal vidaregåande skule. Foto: Oskar Andersen.

Bygg og eigedom

Bygge- og eigedomstenesta leverer tenester knytte til eigarfunksjonen til fylkeskommunen. Dette omfattar forvaltning, drift, vedlikehald, utvikling og service. Bygge- og eigedomstenesta skaffar også naudsynte fylkeskommunale bygg og eigedommar.

Det er eit mål at verdien av eigedomsmassen ikkje skal verte mindre verdifull. Grunneigedomane og bygningane skal heile tida vera tilpassa behova til brukarane. Bygningane skal også vere best mogeleg lagt til rette for framtidige endringar.

Planlagde tiltak for investeringar og vedlikehald vart i 2011 samla sett gjennomført innanfor budsjetterte økonomiske ramar. Dei større byggjeprojekta har også halde planlagt framdrift. Det gjer at måla for 2011 er nådde.

Bygge- og investeringsprosjekt

Sogndal vidaregåande skule/Campus Fosshaugane
Første byggesteget på Sogndal vidaregåande skule/Campus Fosshaugane er ein av dei største projekta som er gjennomførte. Skulen vart overlevert og sett i drift til skulestart i august. Noko utomhusarbeid står av praktiske grunnar att, men dette vert ferdig våren 2012. Bygge- og eigedomstenesta har i prosjektet realisert ny skule, primært for yrkesfaga. Samla kostnadsramme var ca. 350 mill. kr og totalt areal ca. 14500 m². Prosjektet vart gjort ferdig innafor budsjettert kostnad og til rett tid.

Flora vidaregåande skule

Det har vore mykje aktivitet ved Flora vidaregåande skule i 2011. Dei to første byggestega er ferdigstilte. Det første inneheld nytt inngangsparti, kantine, bibliotek og undervisningslokale. Lokala vart gjort ferdige i juni og vart tekne i bruk som planlagt. Det andre byggesteget gjeld rehabilitering av eksisterande verkstadblokk. Den totale kostnadsramma for desse byggestega var 83,2 mill. kr. Byggesteg tre er under prosjektering og har planlagt byggestart hausten 2012. Dette byggesteget gjeld rehabilitering/ombygging av dei resterande bygga ved skulen og har ei kostnadsramme på 36 mill. kr.

Sogn og Fjordane kunstmuseum

Arbeidet med nybygget til Sogn og Fjordane kunstmuseum i Førde vart også sett i gang i 2011. Bygget er planlagt ferdig i juni 2012. Det har eit totalareal på ca. 2800 m² fordelt på fire

REKTOREN OVERTOK NØKKELEN TIL SOGNDAL VIDAREGÅANDE SKULE

Nybygget ved Sogndal vidaregåande skule vart offisielt opna den 8. november. Då tok rektor Marta Sofie Vange over nøkkelen. Bygget er integrert i Fosshaugane Campus og er ein del av fylkeskommunen si satsing på ungdom, utdanning, kultur og næring. Elevar og lærarar tok det nye bygget i bruk ved skulestart i august.

Bygget på om lag 14 000 m², inkludert tribunedelen til fellesbruk med Sogndal Fotball, har kosta nesten 360 millionar kroner. Planlegginga starta alt i 2001, medan byggearbeidet vart sett i gong i 2008. Bygge- og eigedomssjef Jan Tore Roselund i Sogn og Fjordane fylkeskommune har rekna ut at det vart laga over 600 teikningar av bygget, og ein to meter høg prosjekteringsplan.

etasjar. Prosjektet er eit samarbeid mellom fylkeskommunen (2/3) og Førde kommune (1/3). Staten er òg med på finansieringssida. Dei samla prosjektkostnadene er 93 mill. kr.

Andre prosjekt

Ombygging/rehabilitering av eksisterande bygningsmasse ved Firda vidaregåande skule har vore eit viktig prosjekt i 2011. Det gjeld òg prosjektet med innføring av elektroniske låsesystem i fylkeskommunale bygningar. Dette er starta opp ved Fylkeshuset i Leikanger og på Hafstad vidaregåande skule.

Planlegging og prosjektering

Det har vore stor aktivitet knytt til programmering, prosjektering og anbodsinnhenting på fleire prosjekt i 2011. Det er mellom anna gjennomført plan- og designkonkurranse på nytt besøkssenter til Gulatinget. Vinnaren vart Cubus arkitekter AS med prosjektet *Gjennom skaret*. Det har òg vore konkurranse knytt til det planlagde fellesmagasinet for musea i Sogn og Fjordane. Vinnarane her vart Bystrup arkitekter og Designere AP med prosjektet *Kløften*.

Fysisk miljø og inneklima

Bygge- og eidegdomstenesta har i 2011 samarbeidd med skulane om å kartleggje enkle parameter for inneklima. Desse er baserte på temperatur og CO₂-innhald i lufta ved ulik bruk. Aktuelle tiltak vert utførte som akutte prosjekt eller etter behov og som ein del av vedlikehaldsplanen.

Energisparing, energibruk og miljø

Energistyringsprosjektet som vart etablert i 2010, er ført vidare som planlagt i 2011. Bygge- og eidegdomstenesta ønskjer å kartleggje, registrere og redusere den totale energibruken i fylkeskommunale bygg. Prosjektet tek blant anna føre seg energimerking, tiltaksliste og ein heilskapleg energistyringsplan for perioden 2012-2015. Energimerking har vore prioritert i 2011, og merkinga er venta fullført i første halvdel av 2012.

Driftsoppgåver

Det er organisert driftsteam med til saman elleve tilsette ved dei fylkeskommunale bygningane i Sogndal og Førde. Dei tek seg av den daglege drifta av bygningane. Det er i tillegg ein tilsett ved Årdal vidaregåande skule i denne funksjonen.

Arbeidsoppgåvene er relaterte til dei fleste fagområda. Teama har også ansvar for servicefunksjonar knytte til daglege driftsoppgåver. Dette arbeidet skjer i samarbeid med skuleadministrasjonane.

Bygge- og eidegdomstenesta starta i 2011 ei vurdering av nye lokalitetar for tannklinikkane Sandane, Årdal og Dale. Dette vert gjort for å sikre tenlege lokale for drift av tannhelsetenesta. Arbeidet vert utført i samråd med tannhelsetenesta og i tråd med den vedtekne strategiplanen for sektoren.

Det vert også arbeid med avklaringar og tingingar omkring leigetilhøve for rutebilstasjonar i fylket. Dette arbeidet har i første omgang vore retta mot Nordfjordregionen. Det er i samsvar med planen for konkurranseutsetjing. Denne seier at bussrutetilbodet i Nordfjord skal ut på anbod i 2014.



Abcense Crew framсыner "Askeladden - på nye eventyr". Foto: Mariel Lørdum.

Kultur

Kulturstrategien for perioden 2008-2011 og gjeldande fylkesplanmelding har styrt arbeidet i kultursektoren i 2011. Det vart også laga eit eige handlingsprogram for 2011.

Visjonen er at fylkeskommunen skal vere den viktigaste utviklingsaktøren for allsidig og skapande kultur i fylket. Fylkeskommunen har difor prioritert å styrkje rolla som regional utviklar i 2011.

Kulturstrategien legg opp til at kompetansen i fylkeskommunen skal ha god kvalitet og vere aktuell. Dei økonomiske og administrative verkemidla har i aukande grad vorte dreidde mot utviklingsarbeid. Ulike tilskotsordningar og økonomiske bidrag skal vere med å utvikle det frivillige og profesjonelle kulturlivet.

Ei viktig rolle for fylkeskommunen er å søkje og utvikle kulturen i fylket. Dette skal skje både på eige initiativ og i samarbeid med andre. Kvernsteinsparken i Hyllestad er komen inn på ei liste med forslag over stader som Noreg kan tenkje seg å nominere til Verdsarvlista.

Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014 og det påfølgjande handlingsprogrammet endra rolla fylkeskommunen har når det gjeld bibliotekutvikling i fylket. Tidlegare var det ei viktig oppgåve å drive med utlån. No er det ei overordna oppgåve for fylkesbiblioteket å støtte og utvikle bibliotekstilbodet.

Fylkeskommunen fekk i 2011 overført 38,2 mill. kr til ulike kultursatsingar. Dette var i hovudsak statlege midlar. Eksempel på dette er spelemidlar, freda bygg og den kulturelle skulesekken. Dette er ei auke på 1,2 mill. kr frå året før. Norsk Country Treff på Breim har oppnådd status som knutepunkt-festival i 2011.

Seks Bulyst-søkjarar frå fylket fekk i 2011 prosjektmidlar frå Kommunal- og regionaldepartementet. Fem av desse kan knytast til kultur og fysisk aktivitet. Dei vert viktige kulturelle satsingar, og syner at kultur er ei sentral brikke i samfunnsutviklinga.

Barn og unge

Det er viktig for å utvikle fylket at ein gjev barn og unge rom for å delta i kulturaktivitetar og sjansen til å oppleve gode kulturtilbod. Dette gjer òg at lokalsamfunna vert attraktive. Fylkeskommunen prioriterer barn og unge gjennom tilskot og eigne satsingar. Tilskot til lag og organisasjonar bidreg til å utvikle frivillig sektor og skape gode aktivitetar.

Den kulturelle skulesekken (DKS) er ei prioritert satsing for å gi barn og unge innblikk i ulike kultur- og kunstuttrykk og på den måte bidra til utviklinga deira. Målet er at alle grunnskuleelevene skal få eit slik tilbod. DKS er også ved alle dei vidaregåande skulane. Tilboda omfattar scenekunst, dans, visuell kunst, litteratur, kulturarv og musikk. Barnehagane i fylket får tilbod om å delta i barnehagekonsertordninga.

Økonomiske rammer	Rekneskap 2009	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011	Budsjett 2011
Tilskot til lag og organisasjonar	6 525	8407	10800	10 940
Utviklingstiltak	4 142	3596	3446	3 500
Bibliotekføremål	5 298	5788	6412	5 827
Arkivføremål	5 003	5251	7550	7 426
Museum og kulturminnevern	14 040	14537	13247	13 247
Knutepunktinstitusjonar	7 353	8159	9159	9 149
Kulturformidling	7 483	8098	8202	8 368
Sum	49 843	53 836	58816	58 457

Tabell 1: I tusen kroner, netto driftsutgifter.

Fylkesarkivet og Fylkesbiblioteket har kulturformidling som ei av sine viktigaste oppgåver.

Ungdommens kulturmønstring (UKM) hadde mange deltakarar i 2011. På dei lokale mønstringane deltok 976 ungdommar, om lag 400 av desse deltok på fylkesmønstringa. Fylkesmønstringa vart i 2011 lagt til operahuset på Eid, som òg var arrangør. Dette bidreg til å heve arrangørkompetansen deira, styrkar den til årleg aktivitet og gjer arrangementet sterkare.

Fylkestinget vedtok i 2011 kulturkort for ungdom. Tiltaket har ei fylkeskommunal ramme på 1 000 000 kr. Kulturdepartementet har også støtta kulturkortet med 100 000 kr. Ordninga er ei treårig prøveordning. 20 søkjarar fekk støtte til kulturkort for ungdom i 2011, medan sju fekk avslag.

Fylkestinget for ungdom og ungdomspolitisk utval er viktige tiltak for å fremje demokratiet i fylket. Ungdomane som tek del får kunnskap om demokratiet og fylkeskommunen. Kompetansen ungdomane får gjennom dette, aktualiserer politikk og rekrutterer truleg ungdom til eit aktivt politisk liv i vaksen alder.

Arenaer for aktivitet og formidling

Gode arenaer for ulike kultur- og idrettsaktivitetar er ein føresetnad for kvalitet, deltaking og gode levekår. Fylket har framleis store utfordringar knytt til kulturbygg. Fylkeskommunen ynskjer gjennom tilskot og samarbeid å bidra til ei positiv utvikling av desse formidlingsarenaene. Dette arbeidet har halde fram i 2011.

Det er gjennomført plan- og designkonkurransar for

fellesmagasin for musea i fylket og besøksenteret på Tusensårsstaden i Gulen kommune.

Fylkeskommunen held fram arbeidet med å realisere fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse. Dette skjer i samarbeid med kommunar og organisasjonar. Utviklinga har vore positiv i 2011, og fleire kommunar har godkjende kommunedelplaner. 24 mill. kr frå spelemiddeloverskotet vart fordelt til idrettsanlegg og anlegg for friluftsliv og fysisk aktivitet i 2011. Den samla tildelinga utgjer om lag 20 prosent av den godkjende søknadssummen.

Musea er òg ein viktig arena for aktivitet og kulturformidling.

Utviklingsarbeid

Fylkeskommunen søker å utvikle det frivillige og profesjonelle kulturlivet i fylket gjennom tilskotsordningar og økonomiske bidrag. Døme på dette er Slettemark Art i Naustdal. Målet er å fullføre kunstverket Budeie med KjARTanrose. Kunstverket er plassert permanent på Sanden i Naustdal, eit statleg sikra friluftsområde og tusenårsstaden i kommunen. Kunstfestivalen SlettemarkART som vart arrangert i oktober 2011, er eit utviklingsprosjekt knytt til dette.

Det er i 2011 lagt grunnlaget for eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunane og bispedømeråda frå Rogaland til Nidaros. Målet med prosjektet *Kystpilegrim Rogaland-Nidaros* er å kunne etablere Kystpilegrimsleia som ei samanhengande reiserute langs kysten. Det vert skapt ein St. Olavs-veg og ein europeisk kulturveg med utgangspunkt i kulturminne og heilagstader.



Kinnaspelet. Foto: Frode Hovland/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Film

Samarbeidsavtalen med Vestnorsk Filmsenter gjekk ut i 2011. Samarbeidet vert ført vidare, i og med at interessa for å skape og nytte film som kulturoppleving er stor og aukande.

Internasjonal satsing

Fylkeskommune tok del i tre internasjonale kulturprosjekt i 2011. Dette bidreg til eit stort nettverk, inspirasjon og kompetanseheving, i tillegg til dei resultatane som kjem ut av prosjekta i seg sjølv.

THING

Tusenårsstaden Gulatinget tek del i eit treårig EU-prosjekt (nordleg periferi) om historiske tingstader. Fylkeskommunen leiar prosjektet som har fått namnet *THING*. Det er eit nettverksprosjekt som skal bidra til å vidareutvikle kompetansen og merksemda på tingstadane. Desse er viktige for utviklinga av samfunnet, og dei er viktige som turist- og reisemål i regionane.

Coast Alive

Interregprosjektet *Coast Alive* legg vekt på tre ting:

- Bruk av turløyper i folkehelsesamanheng.
- Småskala-etableringar knytt til turløyper.
- Konsekvensane klimaendringar har for kulturminna.

EuropeanaLocal

Fylkesarkivet og ABM-utvikling er ein av tre norske partnerar i EU-prosjektet *EuropeanaLocal*. Prosjektet har 32 partnerar i 27 land. Det skal sikre at data frå lokale og regionale arkiv, bibliotek og museum vert tilgjengelege i Europeana. Europeana.eu - Europas digitale arkiv, bibliotek og museum - er ein felles fleirspråkleg portal som gir brukarane tilgang til kulturhistorisk materiale frå heile Europa. Portalen inneheld lenkjer til over seks millionar objekt.

Kulturminne

Fylkeskommunen skal ta vare på kulturarven, og bidra til at kulturminna og kulturmiljøa gjev kunnskap og opplevingar - både i dag og i framtida.

219 arealplanar vart handsama i 2011. Dette er i stor grad reguleringsplanar, kommuneplanar og dispensasjonar frå kommuneplanane og konsesjonssaker. Arbeidet betyr ofte å vere involvert i større og lengre planprosessar. Nokre av desse kan strekkje seg over fleire år. Handsaminga av delstrekningar på kraftlinjetraseen Fardal-Ørskog har vore ein slik prosess i 2011.

Arbeidet med arealplanar krev mykje tid og arbeid, og ei effektivisering vil gje store vinstar. Kulturavdelinga har i 2011 førebudd ei satsing på lokale kulturminneplanar. Det er sett av midlar til satsinga frå 2012, og dette tiltaket vil effektivisere planarbeidet.

FYLKESKULTURPRISEN

Kari og Claus Kvamme fekk Fylkeskulturprisen 2012 for arbeidet med Bokbyen i Fjærland. Prisen var på 50 000 kr og eit diplom og vart overrekket prisvinnarane på fylkestinget i desember.

Fylket har totalt 205 freda bygningar fordelt på 92 eigedomar. 175 bygningar er vedtaksfreda. Fylkeskommunen har ansvaret for å forvalte dei vedtaksfreda bygga i privat, kommunal og fylkeskommunal eige. Det kom i 2011 inn søknader på 12,55 mill. kr i tilskot til freda bygg og anlegg mot 19,37 mill. kr i 2010. Tilsvarande søknadstal for kystkultur var 4,1 mill. kr i 2011 mot 6,2 mill. kr i 2010. Riksantikvaren løyvde 4,5 mill. kr til freda bygg i Sogn og Fjordane i 2011, mot 4,4 mill. kr i 2010, og kr. 1, 8 mill. Riksantikvaren løyvde 1,8 mill. kr til kystkulturen i 2011 mot 2,0 mill. kr i 2010.

Fylkeskommunen yter faglege råd og rettleiing om vedlikehald til eigarar av freda bygg. Kulturavdelinga oppretta i 2011 ei fast stilling som skal sikre eigarane god bistand til vedlikehald og istandsetjing av hus.

Fylkesjubileet 2013

Fylkestinget sette i 2011 ned ein komité å planleggje markeringa av at Sogn og Fjordane fyller 250 år i 2013.

Fylkessoga

Det er inngått avtale med Høgskulen i Sogn og Fjordane om utarbeiding av ei fylkessoga.

Grunnlovjubileet 2014

Fylkestinget har vedteke å delta i Grunnlovjubileet 2014 gjennom å løfte tusenårsstaden Gulatinget inn mot den nasjonale markeringa. Målet er å vise at dei demokratiske styringstradisjonane i Norge går mykje lenger tilbake enn til Grunnlova og 1814.

Fylkestinget handsama

- Sak 08/11: Sogn og Fjordane 250 år
- Sak 25/11: Nominasjon av kvernsteinsbrota i Hyllestad til UNESCO si verdsarvliste. Intensjonserklæring og avgrensing av område
- Sak 38/11: Val av styreleiar for Musea i Sogn og Fjordane
- Sak 56/11: Grunnlovjubileet 2014 - løyving
- Sak 59/11: Fylkesjubileet 2013 - løyving



Kursinstruktør Jan Tore Hauge har kurs i varmearbeid for lærlingar høsten 2011. Foto: Wenche Tollefsen.

Opplæring

Økonomiske rammer

Opplæringssektoren hadde eit nettobudsjett på 736,8 mill. kr i 2011. Midlane til drift av dei vidaregåande skulane vert fordelte til skulane etter fastlagde satsar som følgje av vedteke opplæringstilbod. Auka forbruk samanlikna med 2010 er i hovudsak knytt til løns- og prisvekst. Rekneskapen for 2011 viser eit mindreforbruk i høve budsjettet, i hovudsak knytt til gratis læremiddel.

Fellesutgifter for skulane omfattar mellom anna kostnader med inntakssystem, informasjonsarbeid, omstillingstiltak for pedagogisk personale, kompetanseutvikling, rekruttering, eksamen og gjesteelevar. Auken i høve rekneskap 2010 skuldast i hovudsak omstillingstiltak for pedagogisk personale.

Når det gjeld drift og vedlikehald av skulebygg, viser rekneskapen for 2011 eit mindreforbruk i høve budsjettet. Dette skuldast lågare utgifter til energi enn føresett (på budsjetteringstidspunktet).

Budsjettet for tilpassa opplæring omfattar all tilrettelagt opplæring for:

1. Elevar.
2. Lærlingar/lærekandidatar.
3. Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT).
4. Oppfølgings-teneste (OT) for ungdom som ikkje har søkt, ikkje har teke imot eller har avbrote vidaregåande opplæring.

Innsparinga i 2011 knyter seg i hovudsak til tilpassa opplæring, oppfølgingsstenesta og PPT-kontora.

Fagopplæring omfattar fagprøver/kompetanseprøver og tilskot til lærebedrifter. Meirforbruket i høve budsjettet for 2011 skuldast fagprøvar.

Andre område på opplæring omfattar landsliner, Fagskulen i Sogn og Fjordane og vaksenopplæring. Meirforbruket i 2011 skuldast i hovudsak større aktivitet på vaksenopplæring.

Aktivitetstal

Skuleåret 2011-2012 vart 4306 elevar tekne inn til dei fylkeskommunale vidaregåande skulane. Det er 66 fleire enn året før. Auken i elevtalet skuldast mellom anna betre samsvar mellom tilbodet og ønska til søkjarane, slik at fleire takka ja til plass. Det er også fleire elevar som kjem tilbake etter avbrot eller friår.

Det er ei målsetjing at elevar frå Sogn og Fjordane skal ha karakterar som ligg over landssnittet. Denne er nådd i svært mange programfag og i nokre fellesfag også i skuleåret 2010-2011. Ambisjonsnivået bør vere høgt ettersom skulane i fylket, både grunn- og vidaregåande, skårar høgt på nasjonale prøver.

Det vart i 2011 inngått 431 nye lærekontraktar og 21 nye opplæringskontraktar. Dette er 94 færre lærekontraktar og

Økonomiske rammer	Rekneskap 2009	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011	Budsjett 2011
Drift av dei vidaregåande skulane	465,711	483,948	502,969	504,224
Fellesutgifter for skulane	14,001	15,306	14,476	14,162
Drift og vedlikehald av skulebygg	37,822	35,441	31,871	35,461
Tilpassa opplæring	83,117	85,532	85,491	89,023
Fagopplæring	58,946	61,995	64,816	64,090
Andre område på opplæring	14,873	29,242	31,428	29,840
Sum	674,470	711,464	731,051	736,800

Tabell 1: I millionar 2011-kroner, netto driftsutgifter.

14 færre opplæringskontraktar enn i 2010. Hovudforklaringa på nedgangen er at stadig fleire elevar frå Vg2 yrkesfag søker seg til allmennfagleg påbygging. Ei medverkande årsak kan vere ein svak nedgang i talet ungdommar som søker seg til yrkesfaglege utdanningsprogram. Det var ved utgangen av 2011 registrert 849 løpande lærekontraktar og 47 løpande opplæringskontraktar.

20 ulike kurs for vaksne vart sette i gang i 2011. Desse samla til saman 318 deltakarar, der 115 hadde rett til vidaregåande opplæring. 192 vaksne fullførte og bestod vidaregåande opplæring i 2011.

Kvalitet i vidaregåande opplæring

Prioriteringane i opplæringssektoren i 2011 vart gjort med utgangspunkt i:

1. Strategidokumentet *Rom for alle - syn for den enkelte*, med tilhøyrande handlingsprogram.
2. Den nasjonale satsinga Ny GIV - gjennomføring i vidaregåande opplæring.

Eit utkast til nytt mål- og strategidokument vart sendt på brei høyring hausten 2011. Saka om nytt mål- og strategidokument skal handsamast av fylkestinget våren 2012.

Det er òg sett i gang eit arbeid med ein skulebruksplan. Denne skal vise korleis vidaregåande opplæring bør organiserast og korleis fylkeskommunale bygg og eigedomar skal nyttast. Planen vert lagt fram for fylkestinget til handsaming våren 2013.

Ny GIV vart sett i gang i 2011. Dette er eit treårig prosjekt som omfattar følgjande delområde:

- *Overgangsprosjektet* er retta mot kritiske overgangar i opplæringa, spesielt mellom ungdomsskulen og vidaregåande opplæring.
- *Oppfølgingsprosjektet* er eit samarbeidsprosjekt med NAV. Dette er retta mot ungdom opp til 21 år, som verken er i vidaregåande opplæring eller arbeid
- *Statistikkprosjektet* skal utarbeide kvalitetssikra tal og statistikkar for skuleeigar. Statistikkane skal vere grunnlaget for tiltak retta mot målgruppa for prosjektet

13 kommunar i Sogn og Fjordane er no med i Ny GIV, resten vert med i 2013.

Tilbodet om sommarskule er eit viktig bidrag for å sikre at fleire gjennomfører vidaregåande opplæring. Sommaren 2011 deltok til saman 19 elevar på sommarskule i matematikk og naturfag. I tillegg vart det hausten 2011 halde kurs for elevar som skulle ta ny eksamen i matematikk.

Ordninga med berbar PC gjeld frå hausten 2011 alle trinn i vidaregåande skule. Utvikling av digital kompetanse og tryggleik ved eksamen har vore prioriterte område også dette året.

Det treårige prosjektet *Karriere Sogn og Fjordane* vart avslutta i august 2011. Det vart gjennomført ekstern evaluering av prosjektet våren 2011. Hovudutvalet for opplæring skal våren 2012 handsame ny organisasjonsmodell som skal gjelde frå hausten 2012.

19 lærarar frå fylket byrja i 2011 på vidareutdanning i prioriterte fag, til dømes norsk og realfag, dei fleste på masternivå. Ti tilsette i vidaregåande skule har byrja på leiaropplæring. I tillegg har to lærarar teke rettleiings- og mentorutdanning. Fleire skular har delteke på IKT-didaktikkstudium arrangert av Høgskulen i Sogn og Fjordane. Det har også vore digital leiaropplæring for rektorar, mellomleiarar og klasseleiingskurs. Det har i alle fagnettverka vore arbeid med temaet vurderingsarbeid. Fem av dei vidaregåande skulane deltek i den nasjonale satsinga *Vurdering for læring*.

Hausten 2011 vart det sett i gang innføringsgrupper for minoritetsspråklege elevar ved tre av dei vidaregåande skulane. Fylkeskommunen delfinansierer også ei innføringsgruppe i samarbeid med ein kommune. Opptappingsplanen i vedteke handlingsprogram er med dette realisert.

Det vart i 2011 arbeidd aktivt med å rekruttere lærebedrifter, og 49 nye lærebedrifter vart godkjende.

Dei vidaregåande skulane som utviklingsaktørar

1 mill. kr var i 2011 øyremerkte til å stimulere utviklingstiltak ved dei vidaregåande skulane. Kriterium for tildeling var forankring i fylkeskommunale styringsdokument og utviklingsplanen til skulen. Tiltaka skal stimulere til auka samarbeid med lokalt og regionalt arbeidsliv, for å utvikle både vidaregåande opplæring og lokalsamfunnet.

Bygge- og investeringsprosjekt

Det var også i 2011 brukt mykje ressursar på bygge- og investeringsprosjekt i opplæringssektoren. Desse er blant dei største:

- *Sogndal vidaregåande skule*: Bygging av samlokalisert skule. Nybygget vart teke i bruk frå skulestart hausten 2011.
- *Flora vidaregåande skule*: Ombygging/rehabilitering/nybygg. Første og andre byggesteg vart ferdigstilte sommar/haust 2011. Fase tre går på ombygging/rehabilitering av eksisterande bygg og er også sett i gang.
- *Firda vidaregåande skule*: Innvendig ombygging/rehabilitering vart ferdigstilt hausten 2011.
- *Elektroniske låsesystem*: Arbeidet med å innføre elektroniske låsesystem på alle dei vidaregåande skulane starta i 2011.

Effektiviseringstiltak i 2011

Gruppene i dei vidaregåande skulane er i skuleåret 2011-2012 om lag 95 prosent fylte opp. På studieførebuande utdanningsprogram er oppfyltinga om lag 93 prosent, medan dei yrkesførebuande utdanningsprogramma har ei oppfylting på om lag 97 prosent. Oppfylting per nivå er: Vg1 97 prosent, Vg2 95 prosent og Vg3 91 prosent. (Kjelde: *Søklar og opplæringsstatistikk 2011-2012*).

Opplæringstilbodet i 2011 samsvarer i stor grad med ønska til søklarane. Oppfyllingsprosenten syner over fleire år ei stabil og god utnytting av ressursane – sjølv med ein desentralisert skulestruktur.

Vaksenopplæringstenesta vart frå 1. august 2011 omorganisert. Ressursar tilsvarande 400 prosent stilling er med dette tekne bort frå dei vidaregåande skulane, medan sentraladministrasjonen er styrkt med 50 prosent stilling frå 100 til 150 prosent. Dette inneber ei netto innsparing tilsvarande 350 prosent stilling.

Fleire av dei store bygge- og investeringsprosjekta har som mål å samlokalisere aktiviteten ved den einskilde skule. Dette gir meir tenleg og effektiv drift, både fagleg og økonomisk.

Folkehelse

Miljøkoordinatorane, skulehelsetenesta og folkehelsegruppene er sentrale i arbeidet med førebygging og psykososialt miljø i skulekvardagen. Psykisk helse er svært viktig for skulane.

Skulane har ulike aktivitets- og idrettsdagar gjennom året og ulike tilbod om fysisk aktivitet på ettermiddag- og kveldstid. Det er utfordrande å få til auka fysisk aktivitet i skuledagen. Skulane ser godt tilrettelagde uteområde som viktige tiltak for å få til auka fysisk aktivitet. Kvar skule gjennomfører ulike førebyggingstiltak når det gjeld rus og tobakk. Åtte skular har vedteke røykfritt skuleområde, medan resten tillet røyking på tilviste plassar. Føresetnaden om sjølvfinansierte kantiner gjer arbeidet for sunnare mattilbod i kantinene noko utfordrande, og skulane får ikkje satsa så sterkt som dei ønskjer.

Skulane har også ulike tiltak for trafikktrygging, med særlege opplegg for russen. Ti skular fekk midlar frå Fylkestrafikktryggleiksutvalet i 2011. Ein skule deltek i prosjekt i regi av Kommunal- og regionaldepartementet om gratis føraropplæring i skuletida. Kring 170 lærlingar hadde i 2011 trafikktryggleik som tema på regionvise lærlingsamlingar.

Fylkestinget handsama

- Sak 15/11: Sogndal vidaregåande skule - kjøp av areal
- Sak 17/11: Søknad om skuleskyss med båt Vik-Sogndal
- Sak 18/11: Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2011-2012

GJENNOMFØRING I VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

I 2010 starta 98,8 prosent av elevane frå ungdomsskulen i vidaregåande opplæring mot 96,6 prosent nasjonalt.

Elevane i fylket ligg over den nasjonale målsetjinga for gjennomføring frå Vg1 til Vg2. I Ny GIV-prosjektet er det sett mål om at talet på elevar som går vidare frå første (Vg1) til andre (Vg2) trinn i vidaregåande opplæring skal auke med to prosentpoeng kvart år i prosjektperioden. I Sogn og Fjordane auka del elevar som gjekk vidare til Vg2 med 3 prosentpoeng frå 2010 til 2011.

I 2010 slutta 3,8 prosent av elevane i vidaregåande opplæring, mot 3,3 prosent i 2009. Tala for 2011 er enno ikkje klare etter innføring av nye teljeindikatorar i Ny GIV.

Den største utfordringa med omsyn til gjennomføringa i vidaregåande opplæring, er overgangen frå Vg2 yrkesfag til Vg3/opplæring i bedrift. I 2010 gjekk 74 prosent av elevane vidare frå Vg2 til Vg3/opplæring i bedrift. Tala for 2011 er enno ikkje klare etter dei nye teljeindikatorane som er utvikla i prosjektet. Fylkesdirektøren arbeider med å kartlegge nærare kva som ligg i desse tala.

Ungdom utanfor opplæring og arbeid

Oppfølgingstenesta (OT) sitt viktigaste mål er å få ungdom i aktivitet. Hovudgrunnen til at ungdom vert tilmeldt OT er at dei ikkje har søkt vidaregåande opplæring. I Sogn og Fjordane har OT 101 ungdomar i målgruppa per 1. februar 2012. Både nasjonalt og i fylket vårt er arbeidet med å etablere kontakt med denne målgruppa ei viktig oppgåve i Ny GIV-prosjektet.

- Sak 19/11: Forvaltningsrevisjon 2010 - Individuelt tilpassa opplæring - handsaming av rapport
- Sak 21/11: Årsmelding 2010 og Tilstandsrapport 2010 for vidaregåande opplæring
- Sak 55/11: Regional planstrategi - høyring, analyse- og utfordringsdokument
- Sak 60/11: Avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane - 2012-2014



Vågsberget handels- og gjestgjevarstad i Vågsøy kommune. Foto: Atle Råsberg/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Plan og næring

Sektoren plan og næring hadde eit budsjett på 121,73 mill. kr for 2011. Dette gjekk til næringsarbeid, lokal samfunnsutvikling, folkehelse og miljø- og naturressursar.

Kommunal- og regionaldepartementet tildelte 38,3 mill. kr i kompensasjon for høg arbeidsgjevaravgift i Flora, Sogndal og Førde. Midlane vart forvalta av stiftinga INU-FSF på grunnlag av handlingsplan som var godkjent av fylkeskommunen.

Fylkesplan og regional planstrategi

Fylkestinget skal vedta regional planstrategi i oktober 2012. Ein viktig del av dette arbeidet er analyse- og utfordringsdokumentet som fylkestinget vedtok i desember 2011. Analyse- og utfordringsdokumentet var lagt ut til høyring, og høyringsinnspel vert lagt til grunn for det vidare arbeidet (med regional planstrategi). Det har vore lagt vekt på å bygge aktivitetar som kan vare ut over planarbeidet. Dette gjeld mellom anna etablering av Fylkespegelen og dialogmøte med dei viktigaste samarbeidspartnarane våre.

Fylkespegel Sogn og Fjordane

Fylkespegelen er ein felles nettstad for kontinuerleg statistikk og kunnskap om utviklinga i fylket. Det er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og NAV Sogn og Fjordane. Samarbeidet vart oppretta i 2011. Fylkespegelen skal konsentrere seg om regionale problemstillingar og leggje til rette for analysar av bu- og levekår og utfordringar i kommunane. Mykje av statistikken er på kommunenivå.

Kommunane er viktige samarbeidspartnarar

Løyvingane til kommunale næringsfond var 18,5 mill. kr

i 2011. Dette er ein auke på om lag 4 mill. kr frå 2010. Kommunale næringsfond skal medverke til eit godt næringsarbeid i kommunane. Fylkeskommunen stiller enkelte krav til kommunane for at dei skal få støtte frå kommunale næringsfond. Dei må mellom anna ha oppdaterte planar for næringsutvikling og ei tilfredsstillande førstelineteneste for etablerarar. Det vart i 2011 laga nye retningslinjer for kommunale næringsfond. Desse skal gjelde frå 1. februar 2012.

Det vart i 2011 tildelt 9 mill. kr til utbygging av breiband og mobildekning:

- 6,54 mill. kr vart fordelt til prosjekt som skal gje raskare breiband (fiber) primært for næringslivet.
- 2,33 mill. kr gjekk til utbygging og utbetring av mobildekninga i fylket.

Det vart i tillegg nytta 0,42 mill. kr til oppfølging av prosjekta. Satsinga vart finansiert med 8,4 mill. kr frå Kommunal og regionaldepartementet (KRD) si 2011-løyving, det resterande av restmidlar frå tidlegare år.

Tettstadutvikling gjennom tettstadforming er ei viktig satsing for å skape trygge og gode miljø og gjere offentlege bygningar meir tilgjengelege for alle. Hovudutvalet for plan og næring tildelte 5,2 mill. kr til stadanalyser og kommunale opprustingsprosjekt i sentrumsområda i 2011. Elleve kommunar fekk tilsegn i 2011, og sentrumsplassen i Leikanger fekk den største løyvinga på 1,92 mill. kr. Det var sett av 300 000 kr i budsjettet for 2011 til strandsoneanalyse.

Større satsingar	Rekneskap 2009	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011
Bedriftsretta tiltak gjennom Innovasjon Norge	45	46	41,7
Omstillingsarbeid i kommunar	7,7	9,3	9
Kommunale næringsfond	12,4	14,55	18,5
Reiselivssatsing	6,15	6,95	10,9
Tettstadutvikling	5,1	5,6	5,2
Folkehelsesatsing	2,2*	4,55	4,75

Tabell 1: I millionar kroner, netto driftsutgifter. * Ein større del vart finansiert av staten.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er med i KRD si satsing Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK). Satsinga skal gjere fylkeskommunen i betre stand til å styrkje kommunane som utviklingsaktørar. LUK skal også betre kapasiteten og kompetansen fylkeskommunen treng i det kontinuerlege arbeidet med å bygge attraktive lokalsamfunn.

Det kom i 2011 inn 27 søknader til den nasjonale Bulyst-satsinga. Fem prosjekt vart tekne opp i satsinga til KRD, fire regionale hovudprosjekt og eit nasjonalt. Fylkeskommunen følgjer opp alle med eigne kontaktpersonar, nettverkssamlingar, relevante kurs og kompetansetilbod.

Næringsutvikling i kommunane er eit er prioritert satsingsområde for fylkeskommunen. Kommunane er sentrale samarbeidspartnarar i næringsarbeidet.

Prosjektet Kommunal næringsutvikling skal styrkje det offentlege næringsapparatet. Denne innsatsen skal gjere førstelinetenesta i betre stand til å møte etablerarar og bedrifter på ein god måte. Fylkeskommunen, Innovasjon Norge, Fylkesmannen si landbruksavdeling og kommunane samarbeider om dette prosjektet. Det har mellom anna lagt grunnlag for ei omfemnande satsing på etablerarkurs. Som ein del at dette prosjektet. Det har har ein også utarbeidd nye retningslinjer for kommunale næringsfond, gått gjennom organiseringa av næringsapparatet og arrangert fleire kurs og samlingar for tilsette i næringsapparatet.

119 kommune- og kommunedelplanar og reguleringsplanar har vore på høyring, og 80 av desse vart handsama.

Omstilling

Kommunane Askvoll, Hyllestad, Høyanger og Vågsøy hadde omstillingsstatus i 2011. Askvoll starta omstillingsarbeidet i 2011, medan Vågsøy og Høyanger hadde sitt siste omstillingsår i 2011. Hyllestad avslutta sin første to-årsperiode i 2011.

Den ordinære omstillingsløyvinga i 2011 var fordelt slik:

- Høyanger 1,8 mill. kr
- Vågsøy 3,25 mill. kr
- Hyllestad 1,950 mill. kr
- Askvoll 0,8 mill. kr.

Totalt er det løyvd 7,8 mill. kr i ordinære omstillingsmidlar i 2011. Stryn kommune fekk i tillegg eit tilskot på 1,2 mill. kr til eit toårig prosjekt.

Erfaringane med omstillingsarbeidet viser at dei aktuelle kommunane får styrkt næringsutviklingsevne og eit meir robust og variert næringsliv.

PLANFORUM

Fylkeskommunen leiar Planforum, som er eit forum for kommunane og dei regionale aktørane innan arealplanlegging. Måla med Planforum er:

- Auka samarbeid for betre arealplanlegging i samsvar med nasjonale og regionale mål og utfordringar.
- Redusere/løyse konflikhtar i arealplansaker

I 2011 vart det avvikla elleve møte i Planforum. Kommunane fekk rettleiing og innspel på relevante tema knytt til eigne planar.

Innovasjon, forskning og utvikling

Regionalt forskingsfond Vestlandet hadde to utlysingar i 2011. Ramma var på inntil 6 mill. kr til forprosjekt og 21,6 mill. kr til hovudprosjekt. Fem søknader frå Sogn og Fjordane om støtte til forprosjekt fekk løyvingar i 2011. Dei fekk 200 000 kr kvar. Det kom inn 28 godkjende søknader på hovudprosjekt, men berre to av dei var frå fylket. Partnerar frå Sogn og Fjordane deltek likevel i fleire andre prosjektsøknader.

Fylkeskommunen er med i VRI-satsinga - verkemidlar for regional forskning, utvikling og innovasjon - til Forskringsrådet. Fylkeskommunen har styrkt banda til det teknologiske forskingsmiljøet i Trondheim og det marine forskingsmiljøet i Bergen. Innsatsen er spissa inn mot tema fornybar energi, marin næringsutvikling i tillegg til breiddesatsinga *kompetansemekling* som skal få bedriftene til sjølve å definere trongen for forskning og utdanning.

Vestlandsforskning, Høgskulen i Sogn og Fjordane og fylkeskommunen signerte i 2011 ein ny utviklingsavtale. Denne tek sikte på å utvikle institusjonane og samarbeidet om tema som er viktig for utviklinga i fylket.

Næringshageprogrammet

Kommunal- og regionaldepartementet starta i 2011 eit nytt næringshageprogram. Fylkeskommunen støttar initiativa frå Indre Sogn og samarbeidet mellom dei tre næringshagane Sandane, Stryn og Eid.

Interkommunal næringsretta utviklingsordning - Førde, Sogndal og Flora (INU-FSF)

Kommunane Førde, Sogndal og Flora har høgare arbeidsgjevaravgift enn andre kommunar i fylket. Det får dei kompensasjon for gjennom statsbudsjettet. Desse midlane vert forvalta av stiftinga INU-FSF. Stiftinga fordelte 36,3 mill. kr til regionale fellestiltak og 2 mill. kr i bedriftsretta støtte i 2011. INU-midlane medverkar til utvikling av lokale og regionale næringsmiljø og innovasjonssystem. Målet er å

stimulere til utvikling, nyskaping, auka kompetanse og auka næringsverksemd.

Dei største løyvingane i 2011 gjekk til

- Regionhamn Sunnfjord - 10 mill. kr
- Tettstadsutvikling - 7,5 mill. kr
- Reiseliv - 5 mill. kr
- Fornybar energi - 2,5 mill. kr.

Oljeverksemd

Fylkeskommunen arbeider for å auke ringverknadane av petroleumsaktiviteten. Utviklinga av arealet ved Fjord Base i Florø held fram, og det er reist nye bygg mellom anna for å romme auka subsea-verksemd ved basen. Statoil er største kunden på basen. GdF Suez er det andre operatørselskapet som er representert. Planane for utbygging og drift av Knarr-feltet vart i 2011 godkjende i Stortinget. BG Norge er operatør for feltet og vil opprette ei base- og driftsavdeling i Florø.

På Lutelandet er det opparbeidd infrastruktur som ligg klar for ny aktivitet. Viktige satsingsområde her er å rive utrangerte offshoreinstallasjonar og teste og montere utstyr til offshore vind.

Fornybar energi

Vindkraftforum er ei medlemsbasert foreining med over 60 medlemmar som vart oppretta i 2009. Dette er ei satsing på framtidig vindkraftproduksjon og vindkraftindustri i Sogn og Fjordane. Forumet har mellom anna engasjert seg i politiske prosessar og i leverandørutvikling.

Sogn og Fjordane Skogeigarlag og Sogn og Fjordane Bondelag står bak bioenergi prosjektet i fylket. Målsettinga er å leggje til rette for auka uttak og leveranse av skogsvirke. Prosjektet er førebels støtta av hovudutvalet for plan og næring for ytterlegare eit år.

Havbruk og fiskeri

2011 var startåret for tre større program innan marin næringsutvikling:

Programmet for rekruttering i marin sektor

Dette omfattar i hovudsak finansiering og organisering av årlege marine rekrutteringsleirar og marine næringsleirar for rådgjevarar i grunnskule og på vidaregåande nivå.

Programmet for heilskapleg akvakulturforvaltning

Programmet har som mål å bidra til meir kunnskapsbasert akvakulturforvaltning. Det gjeld både på tvers av kommunegrensar og på tvers av forvaltningsnivå og organ.

Vestlandssamarbeidet - marin sektor

Vestlandssamarbeidet er ei felles satsing som skal leggje til

FYLKESPRISEN FOR IDÉRIKE BYGDER

Viksdalen fekk fylkesprisen for idérike bygder. Bygda har ei sterk dugnadsand. Dei arbeider for å få til allsidige og inkluderande tilbod for unge og gamle. Juryen la òg vekt på at bygda arbeider målretta med tilflytting.

GRÜNDERPRISEN FOR UNGDOM

Heidi Kopperud og Jørn Mikalsen fekk gründerprisen for ungdom. Dei har etablert videokatalogen Seevia og Videonor i Måløy, som leverer videokonferansar som ei teneste for bedrifter. Det var mellom anna lagt vekt på at dei har skapt kompetansearbeidsplassar for framtida.

rette for marin næringsutvikling innan havbruk, fiskeri, sjømat og bioteknologi på Vestlandet.

Reiseliv

Grunnlaget for god oppfølging av reiselivsplanen vart lagt i 2011 gjennom etablering av styringsstruktur og rolledeling for oppdragsgjevar, styringsgruppe og dei ulike delprogramma. Det vart lagt vekt på å identifisere korleis reiselivsinnsatsen kan koordinerast med andre infrastrukturtiltak. Slik tiltak kan vere samferdsletilbod, reiselivssatsinga frå INU-FSF og innsats gjennom andre sektorar som kulturlandskap og vertskapsrolla, samt god koordinering med den bedriftsretta satsinga.

Fylkeskommunen fordelte 10,9 mill. kr til reiseliv i 2011. Dette vart fordelt slik:

- Fjord Norge - 4 mill. kr.
- Reiselivstilbod på Sognefjorden - 1,4 mill. kr.
- Anna oppfølging av reiselivsplanen - 5,5 mill. kr.

Landbruk

Fylkeskommunane fekk gjennom forvaltningsreforma eit auka politisk ansvar som aktør i landbrukspolitiske prosessar. Fylkeskommune gav høyringsfråsegn på jordbruksoppgjret 2011.

Opgåver knytt til rekruttering, kompetanseheving og likestilling i landbruket er fordelte på tre hovudområde: Korte kurs, nettbasert agronomutdanning og andre rekrutterings- og likestillingstiltak. Det er lagt spesielt vekt på å integrere landbruksatsinga på bygdenæring med tradisjonelle næringsstiltak i kommunane.

Bedriftsretta støtte gjennom Innovasjon Norge

Bedriftsretta støtte på 41,7 mill. kr gjennom Innovasjon

Norge (IN) var den klart største enkeltposten på budsjettet til plan og næring i 2011. I bestillinga til IN ber fylkeskommunen IN å prioritere innsatsen mot levedyktige næringsklynger og større bu- og arbeidsmarknadsområde slik at fylket vert ein attraktiv stad å bu og arbeide.

Innovasjon Norge melder færre personar og bedrifter i Sogn og Fjordane etterspurde verkemidla deira i 2011. Etterspurnaden tok seg opp mot slutten av året, men det totale forbruket var likevel 28 prosent lågare enn i 2010. Det er historisk lågt. Det har vore ein prosentvis auke i løyvingar frå IN til dei prioriterte målgruppene kvinner og ungdom i 2011.

Folkehelsearbeid og friluftsliv

Folkehelseprogrammet bidreg til at aktørar i fylket i fellesskap tek stilling til viktige utfordringar. Programmet støttar opp om folkehelsearbeidet i kommunane og i dei frivillige organisasjonane. Hovudområda tek mellom anna føre seg trygge lokalsamfunn. Sogn og Fjordane fylkeskommune vart i juni 2011 på nytt godkjent som eit trygt lokalsamfunn i det globale WHO-nettverket Safe Communities.

Fylkeskommunen var i 2011 med på å dele ut til saman 1,2 mill. kr i støtte til merking og gradering av turløyper i Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen bidrog med om lag 340 000 kr. Resten av midlane kom frå Gjensidigestiftinga.

Vasskraft- og vindkraftsaker

Fylkeskommunen har over ein fireårsperiode arbeid med regionale planar for vasskraft- og vindkraftutbygging.

Fylkestinget skal handsame ein regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging første halvår i 2012. Vindkraftplanen vart vedteken i juni 2011.

Det er søkt om konsesjon på tolv vindkraftanlegg. Desse søknadane er under handsaming.

Vassforvaltning

Vassregionutvalet for Sogn og Fjordane vart etablert i januar 2011. Utvalet er sett saman av representantar frå alle kommunane og fylkeskommunane i regionen i tillegg til aktuelle statlege sektorstyresmakter. Vassregionen følgjer nedbørgrensene og ikkje den administrative fylkesgrensa. Dette inneber at 17 kommunar i fire nabofylke er del av vassregionen. Sogn og Fjordane vassregion er delt inn i fire vassområde: Indre Sogn, Ytre Sogn, Nordfjord og Sunnfjord.

Vilt og fiske

Det vart i 2011 søkt om tilskot til vilttiltak for til saman 746 000 kr. Ramma for tildeling var på 400 000 kr, og åtte søkjarar fekk midlar. Norsk Hjortesenter fekk den største tildelinga på 80 000 kr.



Reiselivskonferansen 2011 vart arrangert i Florø i februar. Fylkesdirektør for næring, Jan Heggheim, la i opningstalen sin vekt på kva krav det set til reiselivet i Sogn og Fjordane å forvalte eit av dei beste reisemåla i verda. Foto: Birthe Johanne Finstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune

Geografisk informasjonssystem (GIS) og Fylkesatlas

Føremålet med Fylkesatlas er å gje ein samla tilgang til ulike tema i Sogn og Fjordane. Målgruppene er sakshandsamarar hjå Fylkesmannen, fylkeskommunen, kommunane og private. Vi har fått gode tilbakemeldingar på at dei brukar kartløysninga til sakshandsaming i mange samanhengar. Det er blitt halde interne kurs i bruk av Fylkesatlas i sakshandsaming i fylkeskommunen.

Det vart investert i moderne registreringsutstyr for kartlegging av kulturminne og til bruk på samferdslefeltet i 2011. Satsinga er ein del av målet om å ta i bruk ny teknologi for å effektivisere og kvalitetsutvikle tenester.

Internasjonalt arbeid

Det internasjonale arbeidet er styrkt ved at ein på ny har fått internasjonal koordinator og betra samordningar i fylkeskommunen. Sogn og Fjordane fylkeskommune er medlem av fleire internasjonale organisasjonar, mellom andre:

- Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR)
- Nordsjøkommisjonen (NSC)
- Vestlandsrådet si internasjonale gruppe
- Euromontana.

Fylkeskommunen er også medeigar i Vest-Norges Brusselkontor (VNB).

Klima og miljø

Sogn og Fjordane fylkeskommune arbeidde i 2011 med oppfølging av Fylkesdelplan for klima og miljø. 1,5 mill. kr var sett av til oppfølgingsarbeidet.

Fylkeskommunen og Vestlandsforskning har samarbeidd om eit FOU- oppdrag for å styrkje kunnskapen om korleis regionale styresmakter kan bidra til å redusere utslepp av klimagassar.

Kommunane i fylket vart i 2011 inviterte til å delta i ein analysedugnad. Målet var å analysere den lokale klimasårbarheita og utvikle lokale klimatilpassingsstrategiar. Fem kommunar deltok som pilotkommunar i første fase av prosjektet.

Det vart løyvd 300 000 kr gjennom ei tilskotsordning for miljøsertifisering av små og mellomstore bedrifter og verksemder. Tilskotsordninga bidrog i 2011 til at 14 bedrifter i fylket starta arbeidet med miljøsertifisering.

Fylkeskommunen nytta 1,4 mill. kr til ulike enøktiltak etter søknad.

Fylkestinget handsama

- Sak 33/11 Regional plan for vindkraft.
- Sak 44/11 Forvaltningsrevisjon 2011 - Næringsretta tiltak - handsaming av rapport .
- Sak 55/11 Regional planstrategi - høyring, analyse- og utfordringsdokument.
- Sak 60/11 Avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Ungt Entreprenørskap i Sogn og Fjordane 2012-2014.



Fylkesveg 722 Flostranda. Foto: Lars Erik Lunde/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Samferdsle

Fylkeskommunen har ansvaret for:

- Kollektivtrafikktilbudet inkludert skuleskyss.
- Løyvetildeling.
- Drift og vedlikehald av 2575 km fylkesveg.
- Investeringar på fylkesvegnettet.

Samferdsla i fylket hadde i 2011 eit samla driftsbudsjett på 951,7 mill. kr. Midlane gjekk til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet, kollektivtrafikk, ferjedrift, trafikktrygging og investeringar.

Fordeling av midlar i samferdslesektoren	
Bussruter	204,1
Båtruter	104,2
Andre kollektivtiltak	26,2
Drift og vedlikehald av fylkesveg	284,1
Skadefond fylkesvegnettet	13,9
Ferjedrift	114,7
Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU)	5,4
Driftsmidlar til investering	194,4
Totalt	947

Tabell 1: I millionar kroner.

FYLKESVEG

Sams vegadministrasjon

Statens vegvesen har det operative ansvaret for oppfølging av fylkesvegnettet på vegner av fylkeskommunen. Vi nyttar ein sams vegadministrasjon for riks- og fylkesvegar i Noreg. Stylinga av Statens vegvesen skjer gjennom den årlege leveranseavtalen. Fylkeskommunen har eit tett og godt samarbeid med Statens vegvesen.

Handlingsprogram for fylkesvegnettet

Handlingsprogrammet for fylkesvegnettet 2010-2013 er utgangspunktet for all aktivitet knytt til fylkesvegane. Handlingsprogrammet har som mål å fullføre

investeringsprosjekta Bremangersambandet og Dalsfjord-sambandet innan 2013. Det er i tillegg ei målsetting å stoppe forfallet på fylkesvegnettet i planperioden.

Fylkestinget reviderte i april 2011 investeringsprogrammet på fylkesvegnettet. Då vart det mellom anna løyvd midlar til bygging av tunnel til Laukeland på fv. 391.

Ressursbruk

Det vert stadig brukt meir ressursar til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Det vart i 2011 nytta 322 mill. kr brutto. Dette er ein auke på om lag 80 mill. kr samanlikna med 2010.

Investeringsaktiviteten har vore høg i 2011. Samla vart det brukt 577,4 mill. kr til investeringar. Dette er ein auke på 34,4 mill. kr samanlikna med året før. Det er hovudsakleg dei store prosjekta Bremangersambandet og Dalsfjordsambandet som krev store investeringsmidlar.

Bygginga av Bremangersambandet vert rimelegare enn det som var lagt til grunn då prosjektet starta. Det gjev eit økonomisk handlingsrom til å kunne handtere fleire uføresette skadar på fylkesvegnettet og gjennomføre eit høgare aktivitetsnivå på investeringane.

Store skadar på fylkesvegnettet i 2011

Fleire periodar med ekstremt uvêr i 2011 førte til store skadar på fylkesvegnettet. Opprydding etter flaum og ras i mars og juli kom på 9,3 mill. kr. Det står i tillegg att arbeid for om lag 18 mill. kr. Fylkeskommunen fekk 13,5 mill. kr i skjønnsmidlar frå staten i samband med rasa og flaumane i mars og juli. Uvêret 25. desember og mildver og store nedbørmengder 26. desember gjorde stor skade på fylkesvegnettet.

Vi har førebels ikkje full oversikt over alle skadar og tilhøyrande kostnader. Den største skaden fekk vi på fv. 664 Otterdalsstranda. Der vart 1,7 km av vegen vaska vekk, og bygda Otterdal mista vegsambandet.

Drift og vedlikehald

Det var i budsjettet for 2011 sett av 284,1 mill. kr i netto til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Rekneskapen viser eit netto mindreforbruk på 29,7 mill. kr. Dette er sett av disposisjonsfond.

Driftsutgifter til fylkesvegforemål	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011	Budsjett 2011
Drift og vedlikehold (netto)	225,6	284,1	284,1
Skadefond for fylkesvegenettet	0	13,9	13,9
FTU-arbeid og tiltak	3,8	5,4	6,2
Fylkesvegferjer	121,0	114,7	113,6
Tilskot til private vegar	0,5	0,5	0,5
Driftsmidlar til investering	101,2	194,4	194,4
Sum	452,1	613,0	612,7

Tabell 2: I millionar kroner, netto driftsutgifter.

Fylkesvegforemål	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011	Budsjett 2011
Investeringar	543,8	577,4	551,8

Tabell 3: I millionar kroner.

Det er fleire årsaker til mindreforbruket:

- Refusjon frå staten for skadar etter ras og flaum (skjønnsmidlar) - 13,5 mill. kr.
- Mindreforbruk på vedlikeholdstiltak - 15,1 mill. kr.
- Meirinntekt frå mva.-refusjon - 6,1 mill. kr.

Det er også eit meirforbruk på driftsutgifter på 5 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak kostnader knytte til ras og flaum og høgare straumutgifter enn føreset. Mindreforbruket på vedlikeholdstiltak er hovudsakleg knytt til lågare prisar og mindre tilleggsarbeid enn venta, samt enkelte forseinkingar og avlyste konkurransar.

Det vart lagt 175 km nytt dekke og sett opp 12 km rekkverk på fylkesvegnettet i 2011. Tala for 2010 var 122 km nytt dekke og 6,7 km rekkverk. Dei generelle prisane på drift og vedlikehold syner ein stor auke frå 2010 til 2011. Statens vegvesen har berekna den samla prisstigninga nasjonalt til 6,6 prosent.

Fylkesvegferjene

Det er sju fylkesvegferjesamband i fylket. Alle sambanda oppfyller krava til opningstid og frekvens i Nasjonal transportplan 2006-2015. Det vart nytta 114,7 mill. kr til fylkesvegferjene i 2011.

Fylkestrafikktryggingsutvalet og trafikktryggingstiltak

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) hadde 6,2 mill. kr til disposisjon i 2011. Det vart i tillegg sett av 0,8 mill. kr av overførte midlar frå 2010 til Refleksprosjektet. FTU har brukt 5,4 mill. kr av disponibel ramme. Midlane er brukte slik:

- Refleksprosjektet 0,6 mill. kr
- Trafikktryggingstiltak (aksjon skuleveg) 4 mill. kr
- Ulike aktivitetar knytte til trafikktrygging 0,8 mill. kr

Veginvesteringar og rassikring

Samla ramme til investeringar var 551,8 mill. kr i 2011.

Det var eit meirforbruk på 71,9 mill. kr på dei store prosjekta. Samla på fylkesveginvesteringane var det eit meriforbruk på 25,6 mill. kr. Dette skuldast at vi hadde eit mindreforbruk på 25 mill. kr på mindre investeringsprosjekt og mindreforbruk på 15,4 mill. kr på gang- og sykkelveg.

Meirforbruket på store prosjekt skuldast først og fremst større produksjon enn venta på prosjektet fv. 609 Dalsfjordsambandet. Mindreforbruket var på dei mindre investeringsprosjekta og skuldast primært forseinkingar. Mindreforbruket på gang- og sykkelvegprosjekta på fv. 611 Naustdal kai-Sæle og fv. 545 Kinnvegen skuldast også forseinkingar.

Det vart nytta 69,4 mill. kr til rassikringstiltak i 2011. Dette var om lag 1,9 mill. kr mindre enn budsjettet. Hovuddelen av rassikringsmidlane - 66,4 mill. kr - er knytte til prosjektet fv. 609 Dalsfjordsambandet.

Store prosjekt

Dalsfjordsambandet

Alle store entreprisar, unnateke elektrokontrakten, er tildelt på Dalsfjordsambandet. Det vert bygd 5,2 km veg i dagen, bru med fritt spenn på 523 meter og 4,2 km med tunnel. Nishammaren vert også rassikra ved at vert bygt tunnel på Dale-sida. Dalsfjordsambandet skal etter planen stå ferdig seint hausten 2013.

Bremangersambandet

Det var i april 2011 gjennomslag i den 4,8 km lange Bortnetunnelen. Fylkestinget har vedteke å utvide ramma til Bremangersambandet. Dette for å utbetre attstående gamle parsellar på strekninga Leirgulen-Bortnen. Det skal

byggast fem km ny veg og to km gang- og sykkelveg. Heile veganlegget skal etter planen stå ferdig våren 2013.

Olden-Innvik

Holentunnelen på 280 meter og om lag 1,3 km ny veg i dagen vart opna hausten 2011. Prosjektkostnaden var ca. 46 mill. kr.

Fylkestinget vedtok i desember 2011 løyving til å byggje Agjeldtunnelen på 920 meter og 900 meter veg i dagen. Planlagt ferdigstilling er hausten 2014.

KOLLEKTIVTRAFIKK

Fylkeskommunen nytta 335,2 mill. kr til kollektivtransport i 2011. Vel 204,2 mill. kr av dette går til bussruter og 104 mill. kr til båtruter. Skuleskyssen er inkludert i desse tala. Andre tiltak innan kollektivtrafikk er ungdomskort, *Trygt heim for ein 50-lapp*, lokale transporttilbod for ungdom, passasjerterminalar og tilrettelagt transport.

Rekneskapen for 2011 synte eit underforbruk på 0,8 mill. kr i høve til budsjettet.

Kilometerkostnaden for tenester fylkeskommunen kjøpte frå rutebilselskapa var 23,86 kr per km i 2011. Kilometerkostnaden var 3,85 prosent høgare i 2011 enn i 2010.

Fylkeskommunen har ansvaret for dei lokale og regionale bussrutene i fylket. Ruteselskapa utførte tenestene etter avtale i 2011. Det reiste 1,6 mill. passasjerar (utanom skuleelevar) på desse rutene, noko som er ein nedgang på 0,7 prosent samanlikna med 2010.

Snøggbårutene mellom Sogn og Fjordane og Bergen hadde omlag 311 000 passasjerar i 2011. Dette på nivå med 2010.

Bruken av ungdomskort gjekk i 2011 ned med 5,6 prosent i forhold til året før. Prisen på ungdomskort var 350 kroner. Prisen har vore uendra i 2009, 2010 og 2011. *Trygt heim for ein 50-lapp* hadde 7 973 passasjerar i 2011. I tillegg nytta 887 passasjerar sommartilbodet *Trygt heim*.

25 prosent av drosjene i Sogn og Fjordane var tilrettelagde for rullestolbrukarar. Det var 43 slike i 2011, fire færre enn året før. Kommunane Hornindal, Aurland, Høyanger, Eid og Hyllestad har ikkje tilrettelagde drosjer for rullestolbrukarar. Det vart nytta totalt 5,5 mill. kr til tilrettelagt transport i 2011, ein auke på 0,5 mill. kr frå 2010.

Det var i 2011 serviceskyss i kommunane Leikanger, Balestrand, Fjaler, Gaular, Førde, Askvoll, Hyllestad, Naustdal, Gulen, Luster, Vågsøy, Flora, Solund og Sogndal. Det vart nytta 2,7 mill. kr til serviceskyss i 2011 - like mykje som i 2010.




Diagram 1: Tal på bussreisande utanom skuleskyss




Diagram 2: Tal på reisande med ekspressbåtane




Diagram 3: Tal på brukarar av ungdomstilboda

Universell utforming

Det har synt seg at det er vanskeleg å kjøpe ny universelt utforma drosjebil. Det er svært få personbilar å få kjøpt som stettar kravet til forskrifta. Dei som har drosjeløyve ynskjer å vere utstyrte med 4-hjulstrekkarar på vestlandsvegane. Diverre er desse bilane vanskelege å få universelt utforma. Løyvemyndet har i mange høve gitt dispensasjon frå krava i forskrifta. Bilane får plass til rullestol, men dei vert for små til å frakte dei største elektriske rullestolane.

Det vart i 2011 gjennomført anbudsutlysning på lokalbåtruter. Det vart i samband med utlysinga stilt krav om universell utforming i samsvar med gjeldande lovkrav.

Kollektivtransport	Rekneskap 2009	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011	Budsjett 2011
Busstransport	168,691	186,253	204,141	204,164
Ungdomstilbod	10,355	11,051	10,870	11 900
TT- transport	5,973	5,559	5,565	5,560
Serviceskyss	0	1,300	2,150	2,150
Båttransport	110,354	87,281	104,211	103,936
Div. terminalar, rutehefte, m.m.	15,510	13,930	7,515	7,529
Sum kollektiv	310,883	305,274	334,452	335,239

Tabell 4: I millionar 2011-kroner, netto driftsutgifter.

Vi fekk 500 000 kr frå staten til prosjektet helse/serviceskyss i 2011. Prosjektet vart ikkje gjennomført fordi kostnaden med skyssen vart langt høgare enn venta.

Anbod

Lokalbåtrutetilbodet i Flora, Bremanger og Vågsøy vart lyst ut på anbod i 2011. Fjord1 Fylkesbaatane vann anbodet, og planlagt oppstart er 1. mai 2012.

Arbeidet med å førebu anbudsutsetjing av bussrutene i fylket starta i 2011. Deler av rutetilbodet skal vere sett ut på anbod tidlegast 1. mai 2014. Alle fylkeskommunale bussruter skal vere anbudsutsette innan 30. april 2017.

Fylkestingssaker for samferdsle

- Kommunane Flora, Bremanger og Vågsøy fekk løyve til å forskottere planlegginga av vegparsellane i 45-minuttregionen med inntil 2 mill. kr.
- Investeringsprogrammet på fylkesvegnettet vart revidert
- Det vart løyvd 4 mill. kr til innkjøp av ekstra bankkort-terminalar til dagens billettmaskinar i kollektivtrafikken som ein del av EMV sertifisering (sertifisering godkjent av banknæringa) av elektroniske billettmaskiner.
- Fylkeskommunen stiller seg positiv til å betre tilbodet med skuleskyss mellom Vik og Sogndal. Eventuell båtrote føreset medfinansiering frå Vik kommune.
- Forskotterte 3 mill. kr til å finansiere rundkøyring i krysset mellom rv. 5 og fv. 211 i Sogndal.
- Gav fråsegn til riksvegbudsjettet 2012. Fylkestinget peikte på at det framleis er store uløyste oppgåver knytte til utbygging av veg i Sogn og Fjordane.
- Det skal utførast bolting av Undalstunnelen i Gulen kommune i tråd med handlingsprogram for fylkesvegnettet 2010-2013. Ikkje heving av tunnelhøgda.
- Arbeidet med å etablere kabelferjesamband til Hisarøy held fram. Driftsstart seinast 1. mai 2013.
- Fylkestinget har gitt tilslutning til at det kan nyttast brukarbetaling som minst utgjer 50 prosent til å finansiere vegstrekket Florø-Måløy.
- Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane tok i fellesskap ansvar for å skipe ein brei allianse og å samordne

REGIONAL TRANSPORTPLAN (RTP) 2014-2023

Fylkestinget vedtok i desember 2011 å starte opp arbeidet med eit planprogram for RTP. Planprogrammet er ein plan for korleis arbeidet med transportplanen skal gå føre seg.

RTP skal vere eit godt kunnskaps- og verdigrunnlag og ein langsiktig strategiplan for transportsektoren i fylket.

RTP med eit handlingsprogram skal erstatte strategisk samferdsleplan og handlingsprogram for fylkesvegnettet. Fylkestinget skal godkjenne Regional transportplan i desember 2013.

arbeidet med å få staten til å bygge Stadt skipstunnel. Det vart løyvd eit tilskot på 250 000 kr til prosjektet i 2011.

- Fylkeskommunen ser positivt på planane om utbetaling av innseglinga til Svelgen hamn. Ber Kystverket om å prioritere tiltaket i NTP 2014-2023.
- Analyse- og utfordringsdokumentet til regional planstrategier teke til vitande. Det skal setjast i gang arbeid med planprogram for Regional transportplan.



I 2011 byrja arbeidet med byggjinga av brufundament på Dalsfjordbrua. Foto: Ole Ingar Hagen Hæreid/Sogn og Fjordane fylkeskommune.



Trappeløpet i Høyanger 10. juni. Thorbjørn Thorsen Ludvigsen (BFG Fana/Melkesyre.no) med rekordtida 7 min. 53 sek. Foto: Hildegunn Valderstøen/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Den offentlege tannhelsetenesta

Tannhelsetenesta har ansvaret for desse gruppene:

- barn og unge opp til 18 år
- psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon
- grupper av eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon
- heimesjukepleie
- ungdom 19-20 år

Totalt var 27 598 personar i dei prioriterte gruppene under tilsyn i 2011. Dette er 89,1 prosent av det samla talet for gruppene. Tilsvarende tal for 2010 er 93,9 prosent. Det samla måltalet for dette klientellet er ifølgje målekartet 86 prosent.

Det vert kvart år registrert tannhelsesdata på nøkkelårskull, 5-, 12- og 18-åringar. Resultata for 2011 syner nok ein gang at born og unge (0-18 år) i Sogn og Fjordane er i landstoppen når det gjeld tannhelse. Blant 5-åringane var 81,4 prosent utal hol i mjøketennene. Dette er ein liten tilbakegang samanlikna med 2010 med 84,8 prosent. For 12-åringane syner resultata ei betring frå i snitt 1,0 hol per individ i 2010 til 0,9 hol i 2011. 18-åringane har også ei betring frå 4,1 hol i snitt per individ i 2010 til 4,0 i 2011.

Takstane for behandling av betalande pasientar i den offentlege tannhelsetenesta vart auka med fem prosent frå 1. januar 2011. Rekneskapet for 2011 er gjort opp med bruk av disposisjonsfond på kr 0,895 mill. Salsinntekter var på kr 24,9 mill. kr.

Effektiviseringstiltak

Den offentlege tannhelsetenesta utførde til saman 107,5 årsverk i 2011. Av desse var 36,4 tannlegeårsverk og 14,0 tannpleiarårsverk. Det er utført fleire tannlegeårsverk og færre tannpleiarårsverk enn i 2010. Per 31. desember 2011 var tre ledige tannlegestillingar.

Den offentlege tannhelsetenesta hadde 39 000 pasientar under tilsyn i 2011. Dette utgjer om lag 36,4 prosent av den totale befolkninga i fylket og er noko lågare enn i 2010. Tilbakegangen skuldast i hovudsak ein feil i journalsystemet. Denne gjer at vi ikkje kan importere data frå folkeregisteret, og feilen vert retta tidleg i 2012.

Likestilling, likeverd og mangfald

Tannhelsetenesta har i 2011 arbeidd med tidlegare vedteken

plan for likestilling, likeverd og mangfald. Alle punkta i planen er utførte. Planen har dei same overordna måla som i den fylkeskommunale planen.

Tannhelsetenesta har i 2011 lagt stor vekt på å førebyggje utviklinga av svak tannhelse blant risikogrupper. Det er difor utvikla eit sett med kriterium for å identifisere risikopasientar. Det ser ut til at svak tannhelse har samanheng med sosial status. Tannhelsetenesta vil difor forsøke å bidra til utjamning av sosiale skilnader når det gjeld tannhelse. Dette er ein del av oppgåva som regional utviklingsaktør i Sogn og Fjordane.

Tannhelsetenesta kan gjennom folkehelsearbeidet også bidra som utviklingsaktør. Ein viktig del av arbeidet er å redusere tobakksbruk. Tannhelsetenesta fekk i 2011 tobakksfriprisen frå Fylkesmannen for arbeidet tenesta samla har gjort på området.

Spesielle saker i fylkestinget og fylkesutvalet

Tannhelsetenesta har i 2011 hatt ei stor sak til handsaming i fylkestinget, Den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane Organisering og klinikkstruktur (sak 11/58). Det vart vedteke ny klinikkstruktur og organisering av leiinga i tannhelsetenesta. 1. januar 2012 er sett som verknadsdato, og den nye organiseringa vil vere på plass etter dette. Når det gjeld klinikkstrukturen vil dette bli arbeidd vidare med i 2012.



Veitastondi i det fjerne. Foto: Birthe Johanne Finstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Målekart

Kultur	46
Opplæring.....	48
Plan og næring.....	54
Samferdsle.....	57
Den offentlege tannhelsetenesta.....	60

Kultur - målekart

Strategisk fokusområde: Tenesteproduksjon/ Brukarperspektivet	
T1	Kultursektoren gir god informasjon til brukarane
	Fylkeskommunen har ikkje gjennomført brukarundersøking i 2011.
T 1-1	Måleindikatorar: Kommunar, organisasjonar, institusjonar har god kjennskap til kultursektoren sine tenester.
T1-1-1	Spørjeskjema - med resultat >5 på skala 1-6.
T2	Kultursektoren har gode rutinar/arenaer for brukarmedverknad
	Gjennomført.
T2-1	Kommunar, organisasjonar, institusjonar opplever å kunne påverke innhaldet og kvaliteten i kultursektoren sine tenester.
T2-1-1	Årlege dialogmøte med fylkesdekkande organisasjonar.
T3	Kultursektoren yter gode tenester innan kulturformidling
T3-1	Oppslutning om nettbasert kulturformidling.
T3-1-1	Meir enn 10 000 treff på nettsidene/år. Talet på treff på aktuelle nettstadar har auka med over 370 prosent etter omlegging til ny plattform: Besøktal (sidevisningar) for første halvår (gamal plattform): 24 300. Besøktal (sidevisningar) for andre halvår (ny plattform): 90 700.
T3-2	Oppslutning om tilboda gjennom Den kulturelle skulesekken.
T3-2-1	100 prosent av klassane i grunnskulen gjennomfører DKS tilbod/år. Gjennomført.
T4	Kultursektoren stimulerer til etablering innan kulturnæringar
T4-1	Auke tal på sysselsette innan kulturnæringar.
T4-1-1	25 nye stillingar innan kulturnæringar/år. Det er ikkje gjort målingar som kan stadfeste dette i 2011.
T5	Etablere/drifte faglege råd/nettverk
T5-1	Etablere fagråd innan prioriterte område.
T5-1-1	Etablere fagråd for kunstnarar og kulturarbeidarar. Arbeidsgruppe etablert for å planlegge kunstnarkonferanse 2012.
T6	Fylkeskommunen skal vere eit eksempel for andre i å bruke eigne byggeprosjekt til å fremje ei positiv tettstadsutvikling
T6-1	Arkitektur, kunstnarleg utsmykking og tilgjenge i eigne byggeprosjekt.
T6-1-1	Alle eigne byggeprosjekt skal ha plan for arkitektonisk utforming, kunstnarleg utsmykking og tilgjenge. Det er ikkje gjort målingar som kan stadfeste dette i 2011.
T7	Elevar treng læremateriell på eiga språkform
T7-1	Sikre utvikling av gode nynorske lærebøker i alle fag i skuleverket.
T7-1-1	Nynorske lærebøker skal vere tilgjengeleg i alle fag ved skulestart. Det er ikkje gjort målingar som kan stadfeste dette i 2011.

T8	Gode tilrettelagte område for friluftsliv og oppleving av kultur i sitt nærområde
T8-1	Bidra til at det er lokale organisasjonar som tilrettelegg for friluftsliv og løypenett der folk bur.
T8-1-1	Bidra til etablering av to friluftsråd i fylket.
	Satsinga er overført avdeling for plan og samfunn.
Strategisk fokusområde: regional utviklingsaktør	
R1	Kultursektoren tek rolla som regional utviklingsaktør innan kulturlivet gjennom samspel, nettverk og partnerskap
R1-1	Samarbeidspartane er nøgde med kvaliteten på det arbeidet vi gjer.
R1-1	Spørjeundersøking med resultat >5 på skala 1-6.
R2	Kultursektoren har høg utviklings- og omstillingskompetanse
R2-1	Samarbeidspartane er tilfredse med kultursektoren si kunnskap og utviklarevne.
R2-2	Kultursektoren vert vurdert som ein viktig aktør for kommunane og kulturlivet sitt utviklingsarbeid.
R2-1	Spørjeundersøking med resultat >5 på skala 1-6.
R2-2-1	Spørjeundersøking med resultat >5 på skala 1-6.
Strategisk fokusområde: rammevilkår/ økonomi	
Ø1	Samsvar mellom mål og rammer
Ø1-1	Avvik i høve budsjett.
Ø1-1-1	Avvik < 5 prosent .
	Innfridd.
Ø2	Tilfredsstillande økonomikompetanse og kontrollsystem
Ø2-1	Avvik mellom tertialrapportar og årsrekneskap.
Ø2-1-1	Avvik < 5 prosent.
	Innfridd.
Strategisk fokusområde:kompetanse/personalutvikling/læring	
K3	Attraktiv arbeidsgivar med godt omdømme
K3-1	Rekruttere.
K3-1.1	Minst 2 kvalifiserte søkarar (som kan tilsettast) til kvar ledig stilling.
	Gjennomført.
K5	Fokus på fysisk og psykisk arbeidsmiljø
K5-1	Sjukefråvær.
K5-1.1	Maksimum 5 prosent.
K5-2.1	Grøn skåre, >3 (skala 1-4).
	Sjukefråvær som overstig 5 prosent i 2011.

Opplæring - målekart

Strategisk fokusområde: tenesteproduksjon/brukarperspektivet			
T1	Samarbeid om opplæringstilbodet i regionane		
T1-1	Opplevd nytte av samarbeidet mellom skulane i regionen.		
	Resultat 2010:	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
	3,6.	Gjennomsnitt i regionane > 4,5 (skala 1-6).	3,9.
T1-2	Tilbod om fjernundervisning		
	Resultat 2010:	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
	7 av 14 skular tilbyr fjernundervisning.	Tal tilbod >1 pr skule.	4 av 14 skular tilbyr fjernundervisning.
T2	Læringsmiljø (gjeld berre elevar, då det ikkje vart gjennomført lærlingundersøking i 2011)		
T2-1	Tilpassa opplæring.		
	Resultat 2010:	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
	I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 3,4 (skala 1-5).	"Grøn skåre".	I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 4,1 (skala 1-5).
T2-2	Trivsel.		
	Resultat 2010:	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
	I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 4,1 (skala 1-5).	"Grøn skåre".	I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 4,2 (skala 1-5).
T2-3	Læring.		
	Resultat 2010:	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
	I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 3,6 (skala frå 1-5).	"Grøn skåre".	I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 3,7 (skala frå 1-5).
T2-4	Hybelbuarar på Vg1.		
	Resultat 2010:	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
	Skuleåret 2010/2011 fekk 86,6 prosent av elevane på Vg1 inntak på første ønsket sitt.	Færrast mogleg ufrivillige hybelbuarar.	Skuleåret 2011/2012 fekk 84,3 prosent av elevane på Vg1 inntak på første ønsket sitt.
T3	Læringsutbyte		
T3-1	Karakternivå.		
	Resultat 2010:	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
	Fylket ligg over landsgj.snittet i alle programfaga og har høgst snitt i 16 av 35 fag med sentralt gitt eksamen.	> Landsgjennomsnittet.	Fylket ligg over landsgj.snittet i 13 av 16 programfag med sentralt gitt eksamen.
T3-2	Standpunktkarakter og eksamensresultat.		

	Resultat 2010:	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
	I 2010 var avviket mellom standpunkt og eksamenskarakterar det minste det har vore i perioden 2004-2010 (0,22 karaktergrader).	Betre samsvar mellom resultatata.	Skuleåret 2010-2011 var avviket mellom standpunkt og eksamensresultat på 0,27 karaktergrader.
T4	Yrkes- og studierettleiing		
T4-1	Fråfall grunna feilval.		
	Resultat 2010:	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
T4-2	2009/2010: 20 elevar (16,9 prosent av sluttarane).	Redusere del elevar som oppgir feilval som årsak til avbrot.	2010/2011 22 elevar (17,1 prosent av sluttarane).
	Opplevd kvalitet på rettleiinga.		
	Resultat 2010:	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
T4-3	I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 3,5 (skala frå 1-5).	"Grøn skåre".	I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 3,5 (skala frå 1-5).
	Gjennomføring.		
	Resultat 2010:	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
	Av dei som starta GK i 2004 gjennomførde om lag 60 prosent på normert tid.	Innan 2012 skal 80 prosent fullføre opplæringa på normert tid.	Av dei som starta GK i 2005 gjennomførde om lag 59 prosent på normert tid.
T5	Elev- og lærlingmedverknad (gjeld berre elevar, då det ikkje vart gjennomført lærlingundersøking i 2011)		
T5-1	Elev- og lærlingrepresentasjon i råd og utval.		
	Resultat 2010	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
T5-2	I samsvar med ambisjonsnivå.	"Grøn skåre".	I samsvar med ambisjonsnivå.
	Elev- og lærlingmedverknad i planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa.		
	Resultat 2010:	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
	Under ambisjonsnivå. Snittverdi 2,6 (skala frå 1-5).	"Grøn skåre".	I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 3,4 (skala frå 1-5).
Strategisk fokusområde: regional utviklingsaktør			
R1	Opplæringstilbodet er sett i samanheng med offentleg og privat verksemd sine behov		
R1-1	Samsvar mellom tilgangen til læreplassar og tal lærlingar.		
	Resultat 2010:	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
	Per 1. november 2010 var 19 søkjarar (4,1 prosent) utan tilbod.	Større samsvar enn året før.	Per 1. november 2011 var 22 søkjarar (4,9 prosent) utan tilbod.
R2	Systematisk og forpliktande samarbeid mellom vidaregåande skule og arbeidsliv		
R2-1	Partnerskapsavtalar.		
	Resultat 2010:	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
	4,5.	Nytteverdi >4,5 (skala 1-6).	4,4.

R3	Skulane er lokale/regionale ressursentra og pådrivarar i samhandlinga med lokalsamfunn og næringsliv		
R3-1	Lokalt næringsliv nyttar skulane i si kompetanseheving.		
	Resultat 2010	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
	4 av 14 skular har gjennomført minst 10 kurs, dvs. 29 prosent.	Halvparten av skulane skal gjennomføre minst 10 kurs.	4 av 14 skular (29 prosent) har gjennomført minst 10 kurs.
R3-2	Tilbod om fjernundervisning til lokalt næringsliv.		
	Resultat 2010	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
	2,5 prosent av kursa vert gjevne som fjernundervisning.	Tal kurs gjevne som fjernundervisning utgjer 20 prosent av totalen.	2,2 prosent av kursa vert gjevne som fjernundervisning.
R4	Vidaregåande skular har høg utviklings- og omstillingskompetanse		
R4-1	Skulen som medspelar i regionalt utviklingsarbeid.		
	Resultat 2010:	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
	4,5.	Eigenvurdering ≥ 5 (skala 1-6).	4,8.
R5	Dei vidaregåande skulane har fokus på miljø- og klimautfordringane i opplæringa og i si eiga bedrift		
R5-1	Aktivitatar og tiltak knytte til oppfølging av fylkesdelplan for klima og miljø i opplæringa.		
	Ikkje målt i 2010	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
		Alle skulane har minst 2 aktivitatar/ tiltak som gjeld haldningsskapande arbeid knytt til miljøbelastning og klimautfordringane i utviklingsplanane.	Ambisjonsnivået ikkje nådd. 2 skular har denne type tiltak i utviklingsplanane sine.
R5-2	Tal elevar og tilsette som går/syklar/nyttar kollektivtransport til skulen.		
	Ikkje målt i 2010	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
		Halvparten av alle elevar som har høve til det går/syklar/nyttar kollektivtransport til skulen.	Manglar statistikk.
R5-3	Prosjekt knytte til reduksjona av klimagassutslepp.		
	Ikkje målt i 2010	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
		Minst 4 skular har/deltek i større prosjekt knytte til reduksjon av klimagassutslepp.	Ambisjonsnivået ikkje nådd. 2 skular rapporterer at dei er engasjerte i klimaprojekt knytte til reduksjon av klimagassutslepp.
R5-4	Jordbruksskulane er aktive i klimaarbeidet i fylket.		
	Ikkje målt i 2010	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
		Begge skulane synleggjer deltaking i klimaarbeidsprosessar i eigen utviklingsplan.	Begge skulane melder at dei ikkje er aktive i klimaarbeidet i fylket generelt.

Strategisk fokusområde: rammevilkår/økonomi			
Ø1	Samsvar mellom mål og rammer		
Ø1-1	Avvik i høve budsjett.		
	Resultat 2010	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
	4 skular har avvik større enn +/- 2 prosent. 9 skular har avvik mindre enn +/- 2 prosent Opplæringssektoren samla har avvik -0,9 %	Budsjettbalanse, akseptabelt avvik +/- < 2 prosent.	5 skular har avvik større enn +/- 2 prosent. 8 skular har avvik mindre enn +/- 2 prosent. Opplæringssektoren samla har avvik -0,8 prosent.
Ø2	Økonomistyring		
Ø2-1	Avvik mellom årsprognosar og årsrekneskap.		
	Resultat 2010:	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
	8 skular melder om godt samsvar mellom årsprognosar og årsrekneskap. 5 skular melder om mindre godt samsvar.	Godt samsvar.	9 skular melder om godt samsvar mellom årsprognosar og årsrekneskap. 4 skular melder om mindre godt samsvar.
Ø3	Ressursbruk i tenesteproduksjonen		
Ø3-1	Samla kostnad per elev.		
	Resultat 2010:	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
	Auka kostnadsnivå eige fylke 9,2 prosent. Auke for landet i snitt 6,9 prosent.	Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet.	Auka kostnadsnivå eige fylke 1,2 prosent. Auka i gjennomsnitt for landet 2,2 prosent.
Ø3-2	Kostnad pr elev på tenesteområdet lokale, forvaltning (administrasjon m.m.) og skyss.		
	Resultat 2010:	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
	Auka kostnadsnivå eige fylke 8,1 prosent. Auke for landet i snitt 7,0 prosent.	Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet.	Redusert kostnadsnivå eige fylke -3,8 prosent. Snittauke for landet 1,4 prosent.
Ø3-3	Kostnad per elev på tenesteområdet pedagogisk leiing, fellesutgifter vidaregåande skular og gjesteelevar.		
	Resultat 2010:	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
	Auka kostnadsnivå eige fylke 15,5 prosent. Auke for landet i snitt 5,8 prosent.	Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet.	Redusert kostnadsnivå eige fylke -3,2 prosent. Snittauke for landet 3,4 prosent.
Ø3-4	Kostnad per elev til spesialundervisning og tilpassa opplæring.		
	Resultat 2010:	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
	Auka kostnadsnivå eige fylke 2,3 prosent. Auke for landet i snitt 10,9 prosent.	Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet.	Redusert kostnadsnivå eige fylke -9,6 prosent. Snittauke for landet 4,8 prosent.
Ø3-5	Kostnad per elev til basis opplæringsverksemd studieførebuande utdanningsprogram.		

	Resultat 2010:	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
	Auka kostnadsnivå eige fylke 8,7 prosent. Auke for landet i snitt 7,8 prosent.	Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet.	Auka kostnadsnivå eige fylke 10,4 prosent. Snittauke for landet 1,3 prosent.
Ø3-6	Kostnad pr elev til basis oppæringssverksemd yrkesfaglege utdanningsprogram		
	Resultat 2010:	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
	Auka kostnadsnivå eige fylke 12,0 prosent. Auke for landet i snitt 5,5 prosent.	Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet.	Auka kostnadsnivå eige fylke 7,9 prosent. Snittauke for landet -0,0 prosent.

Strategisk fokusområde: kompetanse/personalutvikling/læring

Det vart ikkje gjennomført brukar-/medarbeidarundersøking i 2011. Det er difor ikkje grunnlag for å rapportere på dette strategiske fokusområdet, utover K5-1.

K5 Fokus på fysisk og psykisk arbeidsmiljø

K5-1 Sjukefråvær.

	Resultat 2010:	Ambisjonsnivå 2011	Resultat 2011
	4,2 prosent.	Maksimum 5 prosent.	3,9 prosent.

Strategisk fokusområde: kvalitet og effektivitet i interne prosessar

Det vart ikkje gjennomført brukar-/medarbeidarundersøking i 2011. Det er difor ikkje grunnlag for å rapportere på dette kritiske fokusområdet.

Temaområde for tilstandsrapporten 2011 som ikkje vert dekkja av målekartet

Gjeld rapportering på dei områda av tilstandsrapporten som ikkje vert dekkja av målekartet.

	Rapporteringsområde	Resultat	Resultat
	Spesialundervisning:	Skuleåret 09/10	Skuleåret 10/11
	1 Tal elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning	341	391
	2 Tal elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning som har slutta/ avbrote opplæringa	22	31
	3 Tal elevar med individuell opplæringsplan med vedtak om spesialundervisning, jf. § 5-5 i opplæringslova	Ikkje målt i 2010	391
	Vaksne:	2010	2011
	1 a Kor mange vaksne er registrerte som søkarar til vidaregåande opplæring?	377	375
	1 b Kor mange av desse er realkompetansevurderte?	144	53
	2 Kor mange av søkarane har vaksenrett etter §4A-3 i Opplæringslova?	146	145
	3 a Kor mange vaksne med vaksenrett har fått tilbod om opplæring?	238	260

	3 b Kor mange vaksne utan vaksenrett har fått tilbod om opplæring?	221	187
	4 Har skulen gjennomført opplæring (kurs) for vaksne som er avslutta dette året?	14	17
	5 Har skulen gjennomført evaluering av læringsmiljøet for opplæringstilbod retta mot vaksne?	Gjennomført ved 4 skular.	Gjennomført ved 2 skular.

Plan og næring - målekart

Strategisk fokusområde: tenesteproduksjon/ brukarperspektivet	
T1	Kritisk suksessfaktor: Relevant rettleiing og samhandling med kommunar i plan og næringsaker
T1-1	Måleindikator: Kor nøgde kommunane er med fylkeskommunen si rettleiing og samhandling Fylkeskommunen har ikkje gjennomført brukarundersøking i 2011.
T1-2	Måleindikator: Planseminar og møte i Planforum Det er gjennomført eit planseminar og 11 møte i Planforum.
T2	Kritisk suksessfaktor: Relevant rettleiing og samhandling med kommunane i vassforvaltningsplan
T2-1	Måleindikator: Følgje framdriftsplanen i vassforskrifta Framdriftsplanen har blitt følgt opp etter vassforskrifta.
T3	Kritisk suksessfaktor: Relevant rettleiing og samhandling med kommunane og frivillig sektor i friluftslivs-, vilt- og innlandsfiskesaker
T3-1	Måleindikator: Deltaking i nettverk for natur og friluftsliv Fylkeskommunen deltok på fellessamlinga til FNF Sogn og Fjordane. Tok opp regional planstrategi som tema og fekk innspel i høve dette arbeidet.
T3-2	Måleindikator: Legge til rette for møteplassar for vilt- og innlandsfiskeforvaltning Fylkeskommunen arrangerte i 2011 ei samling for kommunale viltforvaltar i samband med seminaret Hjort 2011.
T4	Kritisk suksessfaktor: Relevant rettleiing og samhandling med kommunane og andre aktørar i oppfølging av fylkesdelplan for Klima og miljø
T4-1	Måleindikator: Tal relevante saker/uttale der klima er inkludert i fråsegn/tilråding Klima og miljø er lagt inn som fast punkt i mal for saksbehandling.
T4-2	Måleindikator: Tal områder med målbar reduksjon av klimagassutslepp Gjennom 2011 vart det utarbeida indikatorar som skal gjera det mulig å måla reduksjon i utslepp. Sluttrapport for klimaindikatorprosjektet vert levert tidleg i 2012.
T4-3	Måleindikator: Tal tiltak med effekt på redusert klimasårbarheit Starta analysedugnad for klimatilpassing i samarbeid med 5 pilotkommunar. Desse kommunane starta arbeidet med sårbarheitsanalyse. Arrangerte seminar om utsleppsreduksjon og klimatilpassing for kommunane i fylket og dei andre fylkeskommunane i landet. Aktiv deltaking i ulike forskingsprosjekt knyt til klimatilpassing.
T5	Administrere eit folkehelsenettverk og drive relevant rettleiing og samhandling med kommunane og andre aktørar i folkehelsearbeidet
T5-1	Måleindikator: Tal kommunar i folkehelsenettverket Det er framleis 21 kommunar med i folkehelsenettverket, men 4 nye kommunar er i prosess. Ein av desse kjem med tidleg i 2012. 26 kommunar er eit langsiktig mål.
T5-2	Måleindikator: Legge til rette for møteplassar for partnerskapskommunar og regionale samarbeidspartnarar Det har vore 3 samlingar for folkehelsekoordinatorane, ei av dei saman med Møre og Romsdal fylkeskommune og kommunane dei har avtale med. Det har også vore 3 konferansar som koordinatorane har fått invitasjon til. Det har vore ei fylkessamling for kommunar som har Danseverkstader (14), og det er gjennomført ulike kurs i desse kommunane etter behov. Vidare vart det arrangert ei stor og ambulerande førestilling der nesten alle danseverkstadane deltok. Vidare har vi hatt 2 samlingar for kommunar (9) som har fått tilskot til etablering/ vidareutvikling av frisklivssentralar. Partnerskapskommunane har fått invitasjon til å delta i ei fylkessatsing på Trygge lokalsamfunn. Åtte takka ja til dette i 2011.

	Hausten 2011 vart tre ressursgrupper etablert. Ressursgruppa for tobakk og ernæring har hatt fleire møte før årsslutt. I 2011 starta arbeidet med å etablere fylkesnettverk/ ressursgruppe for universell utforming.
T6	Fylkeskommunen si heimeside for næringsavdelinga og plan og samfunnsavdelinga med Fylkesatlas, Planett, Klimanettsida og Driftig.no vert oppdatert og nytta aktivt
T6-1	Måleindikator: Tal nyhende- og informasjonsartiklar som vert publisert I 2011 har det blitt jobba vidare med å forbetre nettsida. Det har vore stort sett publisert ei førehandsak, og ei etterpåsak om kvart møte i hovudutvalet. Nyhende og viktig informasjon blir sendt ut som pressemelding. Det må jobbast meir aktivt med å oppdatere informasjon om fagområda.
T6-2	Måleindikator: Plannett vert relansert Plannett er oppdatert med møteinnkallingar og referat frå Planforummøta. Hovudrelansering er utsett i påvente av utskifting av eksisterande publiseringsverktøy for fylkeskommunale heimsider.
T6-3	Måleindikator: Auka i tal treff på heimesidene (plan og næring) Målingar viser at det har vore ein liten auke i talet på treff frå 2010 til 2011.
T6-4	Måleindikator: Kor nøgde kommunane er med fylkeskommunen sine heimesider, Plannett, Fylkesatlas, Klimanettsida og Driftig.no Fylkeskommunen har ikkje gjennomført brukarundersøking i 2011, men munnlege tilbakemeldingar viser til at brukarane er særleg fornøyd med Fylkesatlas. For driftig.no er det sett i gong eit arbeid for å forankre sida betre hjå partnerskapen og spisse sida betre mot målgruppene. Statistikk frå Fylkesatlas, syner at det har vore ei tre-dobling av kartløyisinga sidan 2009.
T7	Kommunalt næringsutviklingsarbeid. Relevant rettleiing og samhandling med kommunane i nærings saker
T7-1	Kor nøgde kommunane er med fylkeskommunen si rettleiing og samhandling Vi har ikkje gjort målingar av dette, men vi har i 2011 hatt ei tettare samhandling med kommunane mellom anna gjennom kurs og kompetansehevingstilbod i prosjekt kommunal næringsutvikling. Tilbakemeldingane på samlingar og munnleg har vore positive og det er kome ynskje om vidare satsing innan dette området.
T7-2	Tiltaksforum Det er gjennomført tiltaksforum i Florø med god oppslutnad frå kommunane.
T8	Kritisk suksessfaktor: Oversikt over helsesituasjonen i fylket og dei faktorar som påverkar denne og som skaper eller opprettheld sosiale helseskilnader
T8-1	Måleindikator: Eit oppdatert og systematisert statistikkgrunnlag for helsesituasjonen på fylkes- og kommunenivå basert på eksisterande og nye data Folkehelseinstituttet har publisert folkehelseprofilar for alle kommunane i Noreg. Desse dataområda er vesentleg utvida i høve til dei tidlegare «kommunehelseprofiler». Dei aktuelle folkehelseprofilane for kommunane i Sogn og Fjordane er også lagt i Fylkesspegelen. I løpet av mars månad i 2012 vil Folkehelseinstituttet publisere folkehelseprofilar for kvar fylkeskommune i landet. Desse skal vere eit bidrag til fylket sitt arbeid med å skaffe seg oversikt over helsetilstanden i fylket og oppgåva med å understøtte folkehelsearbeidet i kommunane.
Strategisk fokusområde: regional utviklingsaktør	
R1	Kritisk suksessfaktor: Kjenner utfordringane, naturressursane og potensiale for verdiskaping i fylket
R1-1	Måleindikator: Utarbeide årlege næringsbarometer Næringsbarometer for Hordaland og Sogn og Fjordane blei utarbeida i to utgåver i 2011, i januar og mai.
R1-2	Utarbeide eit nytt fylkesdekkande overvakingsprogram Det vore gjort eit arbeid med å utvikle Fylkesspegelen. Fylkeskommunen har og delteke i arbeidet med å utarbeide rapporten «Eit kunnskapsbasert Sogn og Fjordane».

R2	Kritisk suksessfaktor: Utvikle politikk for ulike samfunns- og næringsområde basert på kjende utfordringer og potensiale
R2-1	Måleindikator: Rullere fylkesplanen gjennom årlege handlingsprogram Rullering er integrert i arbeidet med budsjett og økonomiplan - og gjennom programstyra si utarbeiding av programplanar.
R2-2	Måleindikator: Regional planstrategi Arbeidet med regional planstrategi vart starta på slutten av året i 2011, og vil bli lagt fram og vedteke i oktober 2012.
R2-3	Analyse av samheng mellom tilskotsløyving og overordna planar Det er ikkje gjort noko analyse av dette. Vi meiner elles at samanhengen mellom tilskot og overordna planer er god. Budsjettdokument og vedtekte strategiar og planar vert brukt ved vurdering av søknader. Det er utarbeida skriftlege rutinar, som blant anna inneheld ei sjekklister for sakshandsaming. I sjekklista er det eit eige punkt om prosjektet si relevans i høve overordna planar.
R3	Kritisk suksessfaktor: Ta rolla som regional utviklingsaktør gjennom samspel, nettverk og utvikling av partnerskap
R3-1	Måleindikator: Tiltak som er vedtekte gjennom fylkesplanen, og som næringsavdelinga og plan og samfunnsavdelinga har ansvar for, vert gjennomførde. Inngå partnerskap med alle viktige aktørar (på fylkesnivå) innanfor plan- og folkehelsearbeid (inkl. friluftsliv) og vilt- og innlandsfiskeforvaltning) I rulleringa av fylkesplanen gjennom budsjettarbeidet vert dei høgast prioriterte områda følgt opp. Andre område kan ha blitt fasa ut gjennom fylkesplanperioden. Avtaler er ikkje på plass for friluftsliv, vilt- og innlandsfiskeforvaltning.
R3-2	Måleindikator: Etablere indikatorar for måling av resultat i handlingsplan og program. Skrive uttalar når (FK er høringsinstans) til viktige saker som vedkjem ressursutnytting, folkehelse, fiskeri og havbruk m.m Det er etablert ein god struktur på høyring av folkehelseomsyn i delplanar for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse i samarbeid med kulturavdelinga. Det vert også gitt høyring til kommuneplanar, spesielt samfunnsdelen. Det er utarbeidd sjekklister for «helse i plan» og elles gjort kjent nasjonale retningslinjer for dette. Det vert skrive uttalar på dei mest sentrale sakene.
R3-3	Måleindikator: Oppfølging av reiselivsplanen Det er lagt eit grunnlag for god oppfølging av reiselivsplanen. Det har vore lagt vekt på identifisere korleis reiselivsinnsatsen kan koordinerast med andre infrastrukturtiltak. Det er etablert grupper for oppfølging av dei ulike satsingsområda i planen og arbeida med handlingsplan for arbeidet frå 2012.
Strategisk fokusområde: rammevilkår/ økonomi	
Ø1	Kritisk suksessfaktor: Samsvar mellom mål og rammer
Ø1-1	Måleindikator: Oppfatta samsvar mellom mål, økonomiske rammer og personalressursar Ja, stort sett - men på nokre område er ambisjonane i måla noko høge i høve til dei rammene som er til disposisjon. Ikkje minst med tanke på personalressursane er ambisjonane høgare enn den faktiske bemanninga.
Ø2	Kritisk suksessfaktor: God økonomistyring
Ø2-1	Måleindikator: Avvik mellom budsjett, tertialrapport og årsrekneskap Nei, ikkje avvik i høve budsjett.

Samferdsle - målekart

Strategisk fokusområde: tenesteproduksjon/ brukarperspektivet	
T1	Kritisk suksessfaktor: Tilfredsstillande kollektivtilbod
T1-1	Måleindikator: Jamlege brukarundersøkingar Det vart ikkje gjennomført brukarundersøking i 2011.
T2	Kritisk suksessfaktor: God informasjon til publikum om kollektivtilbodet
T2-1	Måleindikator: Jamlege brukarundersøkingar Det vart ikkje gjennomført brukarundersøking i 2011.
T2-2	Måleindikator: Bruken av ruteopplysningstelefonen 177, ruteinfo.net og ungtransport.no I 2011 var det 45 856 anrop på 177. Tall anrop har gått ned med 7 524 samanlikna med 2010. Ruteinfo.net hadde 329 000 treff i 2011.
T3	Kritisk suksessfaktor: Tilfredsstillande skuleskyss
T3-1	Måleindikator: Jamlege spørjeskjema til kommunane Sektoren samferdsle har ikkje sendt spørjeskjema til kommunane for 2011.
T3-2	Måleindikator: Jamlege spørjeskjema til elevar i vidaregåande skule Ikkje sendt spørjeskjema til elevar i vgs i 2011
T4	Kritisk suksessfaktor: Tilbod til ungdom
T4-1	Måleindikator: Prosentdel ungdom i alderen 16-19 år som nyttar ungdomskort I 2011 vart det i snitt seld 1 053 oblat til ungdomskort per månad, ein nedgang frå 1 141 i 2010. 16,2 prosent av ungdommen i alderen 16-19 år i fylket nytta ungdomskortet i 2011, ein liten nedgang på 5,48 prosent frå året før.
T4-2	Måleindikator: Tal brukarar av Trygt heim for ein 50-lapp 7 973 passasjerar i 2011 - ein liten auke mot 2010. 887 passasjerar nytta sommartilbodet «Trygt heim».
T5	Kritisk suksessfaktor: Tilbod om tilrettelagt transport (TT)
T5-1	Måleindikator: Tilrettelagde drosjer for rullestolbrukarar i alle kommunar Det var 43 tilrettelagde drosjer for rullestolbrukarar i 2011, som er ein nedgang på 4 frå året før. 25 prosent av dei drosjane var tilrettelagd for rullestolbrukarar i 2011. Kommunane Hornindal, Aurland, Høyanger, Eid og Hyllestad har ikkje tilrettelagde drosjer for rullestolbrukarar.
T5-2	Måleindikator: Tilskot til tilrettelagt transport Det vart løyvd totalt 5,5 mill. kroner til tilrettelagt transport i 2011.
T6	Kritisk suksessfaktor: God framkome på fylkesvegnettet
T6-1	Måleindikator: Løyvingar til drift- og vedlikehald på fylkesvegnettet Det vart løyvd 332,2 mill. kr til drift- og vedlikehald, ein auke på 58,9 mill. kr frå 2010.
T7	Kritisk suksessfaktor: Høg trafikktryggleik
T7-1	Måleindikator: Antal drepne og hardt skadde på fylkesvegnettet 31 ulukker med drepne og hardt skadde personar
T8	Kritisk suksessfaktor: God tilrettelegging for gåande og syklende
T8-1	Måleindikator: Gang- og sykkelveg langs fylkesveg med ein årsdøgntrafikk på meir enn 1000 kjt/d etter krava i vegnormalane. Ingen nye gang- og sykkelveg langs fylkesveg med ein årsdøgntrafikk på meir enn 1000 kjt/d i 2011. Opna ny gang- og sykkelveg på fv. 611 Naustdal kai-Sæle.

T8-2	Måleindikator: Temaplan for gang- og sykkelveg Ikkje utarbeidd, vil bli tema i ny Regional transportplan.
Strategisk fokusområde: regional utviklingsaktør	
R1	Kritisk suksessfaktor: Tilrettelegging for bussanbod
R1-1	Måleindikator: Sikre oss disposisjonsretten på terminalane Starta opp arbeidet i 2011 - intern arbeidsgruppe samferdsle og bygg og eigedom. Arbeidet blir slutført i 2012.
R1-2	Måleindikator: Starte arbeidet med å definere nivå på tenestene Ruteproduksjonen skal vidareførast på dagens nivå - ca 11 mill. vognkm.
R1-3	Måleindikator: Val av type kontrakt ved bussanbod Det er drøfta, men ikkje endeleg konkludert. Vil konkludere i løpet av våren 2012.
R2	Kritisk suksessfaktor: Samarbeid med ruteselskapa, drosjenæringa, kommunane og andre aktørar
R2-1	Måleindikator: Ruteplanarbeid Gjennomført rutemøte. Kommunane har fått høve til å kome med innspel.
R2-2	Måleindikator: Fylkeskommunen opprettheld sine forpliktingar i høve avtalar som er inngått Alle forpliktingar i inngåtte avtalar er oppretthaldne.
R2-3	Måleindikator: Jamlege møte med drosjenæringa Møte med drosjesentralar.
R3	Kritisk suksessfaktor: Samarbeid i Vestlandsrådet (samferdslegruppa)
R3-1	Måleindikator: Jamlege møte Samferdsleavdelinga deltok på møte og telefonmøte i Vestlandsrådet si samferdslegruppe.
R4	Kritisk suksessfaktor: Marknadstilpassa tilbod innan samferdsle i fylket
R4-1	Måleindikator: Årleg justering av eksisterande tilbod Rutetilbodet vart vidareført i 2011 med nokre endringar. Det vart gitt eit tilskot på kr 100 000 til Firda Billag fram til 1. mai for å oppretthalde bussruta Byrkjelo-Sandane-Nordfjordeid-Stryn-Førde. Nemnde rute er del av ruteopplegget til ekspressbussen Bergen-Trondheim. Etter 1. mai gjekk ruta til Sandane, men og vidare til Eid dersom passasjerar. Fylkeskommunen ytte eit tilskot til båtruta frå Aurland - Sogndal på kr 728 000 i 2011, tilsvarande kostnaden med skulebuss frå Flåm til Sogndal. Fylkeskommunen vidareførte ordninga med båtruta frå Atløy til Askvoll i korrespondanse med buss til Dale vidaregåande skule.
R4-2	Måleindikator: Tal passasjerar eksklusiv skuleelevar Tal passasjerar på bussruter med fylkeskommunalt tilskot utanom skuleskyss var for 2011 på 1 590 758, som var ein nedgang på 11 810 passasjerar frå 2010. I 2011 reiste 516 983 passasjerar med båtrutene utanom skuleskyss, ein auke med 17 174 frå 2010. Snøggbårutene mellom fylket og Bergen hadde 311 173 i høve passasjerar i 2011, ein liten reduksjon i høve 2010. (312 403 passasjerar) i 2010.
Strategisk fokusområde: rammevilkår/ økonomi	
Ø1	Kritisk suksessfaktor: God økonomistyring
Ø1-1	Måleindikator: Avvik mellom budsjett og rekneskap Mindreforbruk på 5,5 mill. kr tilsvarande om lag 0,5 prosent avvik.
Ø2	Kritisk suksessfaktor: Effektiv produksjon av kollektive tenester - høg utnyttingsgrad
Ø2-1	Måleindikator: Kostnad per produsert eining I 2011 var km - kostnaden for fylkeskommunen sitt kjøp av tenester frå rutebilselskapa kr 23,86 per km. Km - kostnaden var 3,85 prosent høgare i 2011 enn i 2010.
Ø2-2	Måleindikator: Beleggsprosent på kollektive transportmiddel Beleggsprosent på buss var i 2011 på 24,6 - ein nedgang frå 26,4 i 2010. Beleggsprosent på båt var i 2011 på 24,1 - ein nedgang frå 26,8 i 2010.

Ø3	Kritisk suksessfaktor: God gjennomføring av investeringar og drift- og vedlikeholdstiltak
Ø3-1	Måleindikator Gode styrings- og rapporteringsrutinar for store vegprosjekt og drifts- og vedlikeholdstiltak Styring og rapportering utført i samsvar med leveranseavtale 2011.

Den offentlege tannhelsetenesta - målekart

Strategisk fokusområde: tenesteproduksjon/ brukarperspektivet			
T1	Kritisk suksessfaktor: Velfungerande tenesteproduksjon		
T1-1	Måleindikator: Prioritert klientell under tilsyn inndelt i gruppe a) - d)		
	Resultat 2011	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
	Gruppe A2 (3 -18 år) 97,0 prosent.	90 prosent.	90 prosent.
	Gruppe B (Psykisk utvikl. Hemma) 94,0 prosent.	95 prosent.	95 prosent.
	Gruppe C1 (Institusjonsklientell) 84,0 prosent.	85 prosent.	85 prosent.
	Gruppe C2 (Klientar i heimesj.pl.) 71,0 prosent.	70 prosent.	70 prosent.
	Gruppe D (19 - 20 år) 80,0 prosent.	60 prosent.	60 prosent.
T1-2	Måleindikator: Klagesaker (tal per år)		
	Resultat 2011	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
	4	1-2	4
T1-3	Måleindikator: Tannhelseresultat gjennomsnitt DMFT 18 år Gjennomsnitt tal tenner som har hol, er tapt eller har fylling på 18-åringar		
	Resultat 2011	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
	4,0	4,5	5
T2	Kritisk suksessfaktor: God rekruttering og stabilitet		
T2-1	Måleindikator: Tal vakante tannlegestillingar		
	Resultat 2011	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
	3	0	2
T2-2	Måleindikator: Mobilitet tannlegar		
	Resultat 2011	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
		Nytilsette jobbar min. 5 år	Nytilsette jobbar min. 4 år
T3	Kritisk suksessfaktor: God informasjon til brukarane om organisasjonen sine tilbod		
T3-1	Måleindikator: Brukarane har god kjennskap til tannhelsetenesta sine tilbod I brukarundersøkinga i 2009 var brukarane godt nøgde med tilbodet frå den offentlege tannhelsetenesta., men kjennskap til tilbodet vart ikkje målt. Ikkje målt på ny etter 2009.		
T4	Kritisk suksessfaktor: Gode rutinar/arenaar for brukarmedverknad		
T4-1	Måleindikator: Brukarane sin opplevde påverknad på innhald og kvalitet i tenestene I brukarundersøkinga 2009 var brukarane godt nøgde med tannhelsetenesta, men opplevd påverknad var ikkje målt. Ikkje målt på ny etter 2009.		

Strategisk fokusområde: regional utviklingsaktør			
R1	Kritisk suksessfaktor: Kjenner utfordringane i fylket		
R1-1	Måleindikator: Analysere om plandokumenta våre identifiserer konkrete utfordringar i Sogn og Fjordane på tannhelseområdet		
	Resultat 2011	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
	Ny plan vedteken av Fylkesting sak 6/10	Evaluering/rullering av plandokument	Ikkje definert
R2	Kritisk suksessfaktor: Utvikle godt samarbeid med kommunane og andre organisasjonar		
R2-1	Måleindikator: Inngå konkrete samarbeidsavtalar med kommunehelsetenesta		
	Resultat 2011	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
	Inngått avtalar med 24 av 26 kommunar	100 prosent.	90 prosent.
R3	Kritisk suksessfaktor: Velfungerande tilbudsstruktur		
R3-1	Måleindikator: Reisetid frå tettstad til næraste tannklinikk I brukarundersøkinga 2009 var brukarane godt nøgde med plassering av tannklinikk og tilgjenge til klinikken. Reisetid vart ikkje målt. Ikkje gjort ny måling etter 2009.		
	Resultat 2011	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
	Ikkje målt	< 60 min.	60 min.
Strategisk fokusområde: rammevilkår/ økonomi			
Ø1	Kritisk suksessfaktor: Samsvar mellom mål og rammer i tannhelsetenesta		
Ø1-1	Måleindikator: Overtannlegane sine vurderingar av grad av samsvar mellom mål og rammer		
	Resultat 2011	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
	Balanse	Maks 5 % avvik	5 % avvik
Ø1-2	Måleindikator: Avvik i høve ramme i driftsavtalen med fylkesrådmannen		
	Resultat 2011	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
	Balanse	1 % overskot	5 % avvik
Ø2	Kritisk suksessfaktor: Tilfredsstillande økonomikompetanse i tannhelsetenesta		
Ø2-1	Måleindikator: Avvik mellom driftsbudsjett, tertialrapportar (prognosar) og årsrekneskap for tenesteområdet		
	Resultat 2011	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
	-0,895 mill.	1 % overskot	Budsjettbalanse
Ø3	Kritisk suksessfaktor: Effektiv ressursbruk og tenesteproduksjon i tannhelsetenesta		
Ø3-1	Måleindikator: Netto driftsutgifter per person i dei prioriterte gruppene under tilsyn Tal for 2011 i KOSTRA er ikkje tilgjengeleg enno		
	Resultat 2011	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
	-	Maks. 20 % over gjennomsnitt for alle fylkeskommunar i KOSTRA	Maks 30 % over gjennomsnitt for alle fylkeskommunar i KOSTRA
Ø3-2	Måleindikator: Pasientinntekter		
	Resultat 2011	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
	22 mill. kr	24 mill kr	
	Føreset full bemanning	95 % av ønskt nivå	



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 61 00
Telefaks: 57 65 61 01
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Framsida: Utsikt frå Svarthiller mot Solvorn.
Foto: Foto: Oskar Andersen/Debra foto as.